



# Turistinformasjon Bremsanger 2023

Samling av alle attraksjonar, aktivitetar og tilbod



 [www.facebook.com/bremangerturistinformasjon](https://www.facebook.com/bremangerturistinformasjon)

 Twitter: @BremangerTurist

 Instagram: @bremangerturistinfo #bremangerturistinformasjon

## FORORD

Dette heftet er produsert av turistinformasjonen i Bremanger og fungerer som ein *produktmanual*, der ein, til forskjell frå ei meir konsentrert turistbrosjyre, samlar alle attraksjonar, aktivitetar og tilbod i Bremanger Kommune. Målet bak dette er å synleggjere alt vi kan tilby tilreisande. Heftet blir delt ut gratis til alle utleigerar, butikkar og kafear i kommunen, slik at plassar der reisande ofte spør om tips og råd skal kunne ha denne informasjonen lett tilgjengeleg. Ekstra eksemplar kan bestillast via servicekontoret i Svelgen (tlf: 577 96 300) for 80 kr per eksemplar. Det er og tilgjengelig som pdf på kommunen sine nettsider. Dette kan då fritt skrivast ut av dei som ynskjer dette.

Basert på tilbakemeldingar frå tidlegare utgåver, så set lokale innbyggjarar også pris på heftet. Kommunen er langstrakt, med store geografiske variasjonar og mange blir positivt overraska over alle dei flotte tilboda og aktivitetane som finst i dei forskjellige bygdene. Hyggjelege lokale som tek godt i mot besøkande og framsnakkar bygdene, fjella og strendene våre er reiselivet vårt sin viktigaste ressurs. Det som er mest nytt i denne utgåva, er at vi har tatt med kart og fleire bilete slik at det skal vere lettare å både vise og forklare kor dei forskjellige stadane er.

Meld gjerne frå om feil eller manglar, ris eller ros på [turistinformasjon@bremanger.kommune.no](mailto:turistinformasjon@bremanger.kommune.no) eller på telefon: (+47) 481 40 488. Du kan og sende oss ei melding på Facebook.

Vi har oppretta side for Bremanger Turistinfo, og fleire attraksjonar i Bremanger på verdas største reiseportal, [tripadvisor.com](https://www.tripadvisor.com) – vi set stor pris på alle, både lokale og tilreisande, som legg igjen anmeldelsar og fine bileter.



**Forsidebilete** - Visist Nordfjord, Nordlandblog, Ann Irene Myrheim

*Biletet viser Rugsund og brua som binder indre og ytre Bremanger saman – med Hornelen, Europas høgaste sjøklippe i bakgrunnen.*

## **Innhald**

.....	0
Forord.....	1
Viktige Telefonnummer.....	3
Kart - Bremanger Kommune.....	5
Ålfoten.....	6
Davik.....	8
Rugsund og Leirgulen.....	9
Hauge og Iglandsvika.....	10
Kalvåg.....	11
Bremanger Turistinformasjon.....	12
Attraksjonar i Bremanger.....	13
Krigsgrav på Novelandet i ytre Bremanger.....	32
Kulturminneløyper i Bremanger.....	33
Aktivitetar i Bremanger.....	34
Dykking.....	39
Kunst og utstillingar i Bremanger.....	42
Faste arrangement gjennom sommaren.....	42
Oversikt over enkeltarrangement:.....	42
Fjellturar i Bremanger.....	43
Dagsturhytter i Bremanger.....	43
Informasjon om einskilde utvalde fjellturar:.....	45
Butikkar og servicetilbod.....	50
Daglegvarer:.....	50
Bank.....	51
Frisør.....	52
<b>Spesialbutikkar.....</b>	<b>52</b>
Mat og Drikke.....	55
Båthamner.....	60
Overnattingsmolegheiter.....	62
Hytter.....	78
Camping.....	80
Telt.....	81


Transport.....	82
Lokalbuss.....	82
Drivstoff.....	82
Ferjer og Snøggbåtar.....	83
Drosjer.....	86
Facebook-sider verdt å besøke.....	87

## VIKTIGE TELEFONNUMMER

<b>Turistinformasjonskontoret</b>	Kalvåg: 481 40 488	<a href="http://www.bremanger.kommune.no">www.bremanger.kommune.no</a>
	Svelgen:916 98 932	
<b>Legevakt, nasjonalt nummer</b>	116 117	
<b>Legevakta</b>	577 93 313	
<b>Legekantoret på Hauge Bremanger</b>	577 96 670	
<b>Legekantoret i Svelgen</b>	577 96 400	
<b>Servicekantoret Bremanger Kommune</b>	577 96 300	<a href="http://www.bremanger.kommune.no">www.bremanger.kommune.no</a>
<b>Teknisk Vakt Bremanger</b>	959 82 999	
<b>Ruteopplysningar i Sogn og Fjordane</b>	177	<a href="http://www.skyss.no">www.skyss.no</a>
<b>Brann</b>	110	
<b>Politi</b>	112	Nasjonalt nr. 02800
<b>Ambulanse</b>	113	
<b>Emergency services</b>	<b>If there is an emergency call 112.</b>	








KART - BREMANGER KOMMUNE

1. Vetvika // beach, farm ruins, graveyard, nature trail
2. Grotlesanden // beach, medieval graveyard, Nature Trail, WC/Showers
3. Iglandsvik & Hauge in Bremanger // **See separate map – eige kart**
4. Eikeset Havbu (+47 950 29 300)
5. Novelandet // Bakkevik Brygge (+47 958 56 060), WW2 graveyard
6. Bugta // Floating cabins (+47 908 37 199)
7. Smørhamn // Gas Station, Expressboat Terminal (Florø/Bergen/Selje)
8. Smørhamn Handelstad // Historic site and accomodation (+47 958 68 768), Smørhamn Hytter (+47 916 61 701)
9. Gildreneset Sjøhytte (+47 412 20 783)
10. Kalvåg // **See separate map – eige kart**
11. Oldeide // Ferry to Måløy
12. Berle // WW2 Tunnels, Feriehus Berleneset (+47 410 04 443)
13. Hornelen // Europe's tallest sea cliff, Start Hornskår or Berleneset
14. Gloføykje // Viewpoint + info
15. Rugsund Handelstad // Historic site, Accomodation, Guest marina
16. Leirgulen & Rugsund // **See separate map – eige kart**
17. Davik // **See separate map – eige kart**
18. Isane // Ferry to Stårheim
19. Ålfoten // Ålfoten Church from 1610, Joker Ålfoten
20. Hjortegarden // Deer Farm with activities and nearby hiking (+47 901 82 919)
21. Gjengen (1670m) // Tallest Peak in Bremanger
22. Ålfotbreen // Westernmost Glacier in Europe
23. Myklebustsætra//
24. Langesi lysløype// Cross country skiing trail
25. Svelgen // Largest town and municipal center - **See separate map – eige kart**
26. Keipen (1362m) // Tall Peak with amazing view
27. Dyrstad // Dyrstad Hytter (+47 906 65 482)
28. Nesbø // Mestringsgarden Klatrepark - Woodland Climbing Park
29. Ytrehus // Bremanger Sjøbuer (+47 918 84 528), Ytrehus Sag
31. Botnane // Burial Mounds from the bronze age, Diktarstien, Sculpture Gallery, Nord-botten Hytte (+47 415 53 395)
32. Vingen Rock Art // Large, beautiful site from 4-5000 BC. Protected area, only guided tours. Booking: +47 481 40 488



## SVELGEN

- 1) Best Svelgen
- 2) Steinvik Fiskefarm
- 3) Klausen Industrier
- 4) Rise næringsbygg
- 5) Svelgen Idrettshus
- 6) Svelgen helsesenter
- 7) Start Kulturminneløype  
Rundtur i Svelgen med postar som fortelje om bygda si framvekst med 34 forskjellige postar
- 8) Bremanger Kommunehus  
Turistinformasjon  
Bremanger kommune  
BUA utstyrsutleige (side 41)

- 9) Bremanger Fjordhotell  
Restaurant, Bar, Bubilcamping, gjestehamn  
side 55  
[www.bremangerfjordhotell.no](http://www.bremangerfjordhotell.no)
- 10) Coop Prix Svelgen  
Daglegvarehandel  
Frisørsalong
- 11) Svelgen samfunnshus
- 12) Bakarhuset  
Kafé  
Elbilladdar  
side 55
- 13) Risevatnet  
Start til turløype risevatnet  
Badeplass


# ÅLFOTEN




- 1) Ålfoten kyrkje  
Eldste Trekyrkja i Nordfjord  
side 30
- 2) Joker ålfoten  
Daglegvare og kaffikrok
- 3) Ålfoten oppvekst / samfunnshus  
Fotballbane, leieplass og  
samfunnshus
- 4) Hjortegarden  
Festlokale og besøksgard for  
hjordemating  
side 36  
[www.hjortegarden.no](http://www.hjortegarden.no)



# DAVIK




- 1) Jørntunet  
Gamalt gardstun  
side. 28
- 2) Davik fjordparadis / Dampen  
Restaurant, bar, campingplass,  
gjestebygge  
side 56  
facebook : Davik Fjordparadis  
[www.davikfjordparadis.no](http://www.davikfjordparadis.no)
- 3) Nærbutikken davik  
Drivstoff og daglegvare  
side 82
- 4) Prestegarden
- 5) Davik Skule  
leikeplass og fotballbane
- 6) Oppgong tursti til Troda
- 7) Davik kyrkje
- 8) Hauesanden  
badestrand



## RUGSUND OG LEIRGULEN

- 1) Lofnes Feriehytte
- 2) Leirgulen kai  
Daglegvare  
Hurtigbåtforbindelse
- 3) Kolset  
Bensinstasjon  
gjestebrygge  
skule/fotballbane
- 4) Rugsund kyrkje
- 5) Rugsund handelsstad  
Gjestgjeveri, utleigelokale  
side 30  
tlf. 913 14 961
- 6) Gloføykje  
rasteplass, tusenårsstad, bade plass
- 7) Tongane kystfort  
krigsminne  
side 20
- 8) Hunskår  
oppgong til Hornelen  
side 13


# HAUGE OG IGLANDSVIKA



- 1) Hauge helsestasjon
- 2) Hauge kyrkje
- 3) Hokksanden  
Badestrand sjå s.36
- 4) Spar Bremanger  
Daglegvare, bank/post i butikk, frisør
- 5) Bjørsvika Leikeplass
- 6) Sti omnen  
Sti til Vetvika s.14
- 7) Havlys bed & breakfast  
Bar, restaurant og pensjonat  
[www.bremangerland.no](http://www.bremangerland.no)  
side 57
- 8) Joker Bremanger  
Daglegvare, jarnvare, drivstoff
- 9) Farmen  
kafe, interiør, klede, garn og møblar  
mm.  
[www.livsstilsbutikken.no](http://www.livsstilsbutikken.no)  
side 58
- 10) Reidarbua  
utleigeleilegheiter og «pod»-ar  
side 72

- 11) Iglandsvik marina  
Campingplass, gjestehamn og  
serviceanlegg  
[www.iglandsvikmarina.no](http://www.iglandsvikmarina.no)  
tlf. 915 42 550  
side 80
- 12) Sti til Veten side 16

# KALVÅG



- 1) Frøyen Camping  
Campingplass for bubilar sjå s.80  
Tlf.nr 986 31 641
- 2) Kjellstad Feriehytter  
Sjå s.73  
tlf.nr 992 26 827
- 3) Buatrim treningssenter
- 4) SPAR Kalvåg <  
Daglegvare med post/bank i butikk  
Frisør  
Leilegheiter
- 5) Frøyen og Knutsenhuset leilegheiter
- 6) Galleri Torsheim og Turistinformasjon
- 7) Krambua  
Museum
- 8) Knutholmen  
Restaurant, Bar, Gjestebryggje s.59  
Tlf.nr 577 96 900  
www.knutholmen.no

- 9) Carolas Buaspa  
Spa og Pub  
s.34  
[www.buaspa.no](http://www.buaspa.no)  
tlf.nr 414 30 673
- 10) Start Fanneskavarden/Dosabu
- 11) Start løype til varden
- 12) Bontlabo  
Badestrand, teltplass og start  
Nordsjøløypa
- 13) Fiskeriutsal brdr.Larsen  
sjå s.52  
tlf.nr. 454 17 088

## BREMANGER TURISTINFORMASJON

Bremanger Turistinformasjon har flytta in i nytt lokalei år. Vi held til i Kalvågvegen 178, i dei gamle lokala til Galleri Frøya. Ein har og turistinfo på Servicekontoret på Rådhuset i Svelgen.



Opningstider Kalvåg, fram til 18.08:

Måndag – laurdag	10 – 18
Sundag	12 - 16

Her kan du få utlevert kart og beskrivelse av utvalde fjellturar, få brosjyrar med aktivitetar i både kommunen og regionen, tips og råd om opplevingar som vil passe kvar einskild, og hjelp til å planlegge reisa vidare. Kom gjerne innom for en hyggelege prat over ein kopp kaffi.

Vi er spesielt aktive på sosiale media, og spesielt på vår Facebook-side «Bremanger Turistinfo», der du finn informasjon om alle små og store arrangement i heile kommunen. Vi har fotoalbum med info om:

- Kva skjer i kommunen
- Fjellturar i Bremanger
- Overnatting i Bremanger
- Attraksjonar i Bremanger
- og mykje meir.

Vi promoterer Bremanger på sosiale media og har eigne sider for Hornelen, Grotlesanden, Vetvika, Vingen Helleristingsfelt og Tongane Kystfort. Vi er spesielt takksame for alle som legger inn positiv omtale, og som sender inn fine bilete vi kan bruke.



# ATTRAKSJONAR I BREMANGER

## HORNELEN – EUROPA SI HØGSTE SJØKLIPPE



Den mektige  
Hornelen kneisar  
loddrett opp 860  
meter frå skipsleia,  
og er den høgaste  
sjøklippa i Europa, og  
ein av dei mest  
imponerende i heile




Foto: Sverre Hjørnevik

verda, slik toppen overheng det vertikale fallet. Hornelen består av sylkvass konglomerat-sandstein frå devonsk tid – altså gammal havbotn! Det er ei stor sprekk nær toppen der ein kan sjå «uendelig» ned. På grunn av denne og andre rifter, fekk sjøfolk forbod mot å bruke skipsfløyta når dei passerte under Hornelen. Gjorde dei det, kunne vibrasjonen føre til at fjellstykket ramla ut og skapte ei flodbølge.

Naturleg nok, grunna det imponerende synet midt i skipsleia, har det blitt danna ein del segn om Hornelen. I Heimskringla frå 1200-talet, forteljast det om då Olav Trygvasson klatra opp i fjellveggen og festa skjoldet sitt øvst i fjellveggen. Då ein av hirdmennene prøvde å klive opp for å hente skjoldet, gjekk han seg fast, og kom seg korkje opp eller ned. Då klatra Olav opp igjen, tok mannen under eine armen og klatra ned. På Hornelen samlast hekser frå heile Europa til fest både julenatta og jonsoknatta for å danse og halde fest saman med Fanden sjølv.

Hornelen ligg mellom ei av dei største steinalderbusetningane vi kjenner til, Skatestraumen, og Sør-Noreg sitt største helleristningsfelt, Vingen, noko som tyder på at fjellet kan ha hatt ein sentral posisjon i fortida sin gløynte mytologi.

Turen til toppen av Hornelen tar 3-4 timar opp. Frå land kan ein skue over den mektige sjøklippa frå Leirgulen/Rugsund og rastestaden Gloføykje på Rugsundøya, Bremangersambandet. I vår vart det også oppretta tilrettelagde klatreløyper opp Hornelen. Hornelen Via Ferrata tilbyr tre løyper; Ørnelia, heksevæggen og Olavsroute. Alle klatreturane må gjennomførast med guide.

## VETVIKA – DET AUDE PARADISET VED STORHAVET



Den forblåste, vêrutsette og veglause Vetvika blei heilt fråflytta i 1951. Sjølv om det var rikt fiske og plass til mange husdyr, så var det for tungvint å bu på ein plass der ein ofte var isolert frå omverda i 3 månadar på vinteren grunna stormar til havs, og snø på fjellet. I dag står berre ruinane att etter dei gamle gardane, saman med telefonpålar og den freda gravplassen med 9 graver.

Lenge var Vetvika ein hemmelighet berre eit fåtal av folk i Bremanger viste om. I dag derimot, sprer ryktet seg fort om den hemmelege vika som er den «vakraste plassen på jord». I Vetvika møter den kritkvite fine sandstranda det azurblå havet der bølgene rullar inn frå storhavet. Ein har grønne bakkar med spesielle planteførekomstar som dekker til sanddynene som strekker seg heilt opp til dei loddrette svarte klippeveggane som omkrinsar vika – eit vitne om dei voldsomme kreftene som er på ferde når vinterstormane slår inn frå vest.

I Vetvika går solnedgangen direkte ned i havet, og ein kveld her i telt, er eit minne for livet. Ein kan komme seg til Vetvika ved å gå over fin fjellsti i 3 timar frå Svarstad på Bremangerlandet. Elles, så kan ein komme i båt frå bygdene i Bremanger/Kalvåg eller Måløy.

Kjem ein sjøvegen, kan ein sjå innom holmen Veststeinen som ligger 2 km utanfor vika. Her hekkar sjøfuglar som lundefuglar i hopetal, og det er ein stor bestand av selar som held til her. Veststeinen er



freda, og det er ikkje lov å gå i land når det er hekketid. Har ein med brett, er det ofte gode tilhøve for å surfe i Vetvika.

## GROTLESANDEN — KRITKVIT BADESTRAND

Ytterst på Grotle på Bremangerlandet finn en ei ordentleg perle av ei sandstrand, Grotlesanden. Her er det silkemjuk kvit sandstrand så langt auget rekk. Sjølv om det på «rivieraen» frå Hauge ut til Grotle er mange forskjellige små og store strender, så er det Grotlesanden som er den største og flottaste.

Det er ope toalett frå kl.10:00 – 22:00. Betalt parkering for bil, 50,- per dag.

Nærmaste overnatting, gjestehamn, kafé, restaurant og butikk er på Iglandsvik, litt over 2 km vekke. Her kan ein, på Iglandsvik Marina, også telte på fine områder som er laga til. På sjølve Grotlesanden er det ikkje høve til å sette opp telt, då det er for kort avstand til bebyggelse i nærleiken.

Grotlesanden er også starten på den populære fjellturen til Vetten, Noreg sitt vestlegaste fjellplatå. (neste side) Undervegs har ein fantastisk utsikt over sandstranda og bygda Grotle.



## VETEN- OPPLEV STORHAVET FRÅ NOREG SITT VESTLEGASTE FJELLPLATÅ



Frå idylliske Grotlesanden startar oppstigninga på turstien til Veten og Vetenplatået, det vestlegaste fjellplatået vi har i Noreg. Sjølve toppen (527 moh), framme på kanten av platået, er markert med ein stor varde. Dette er faktisk Noreg sin vestligaste topp på over 500 høgdemeter. Dette gjev, naturleg nok, ei fantastisk og unik utsikt over det opne storhavet, der ein ved godvêr ser «uendeleg langt» fram i den blå horisonten der Nordsjøen skilir over i den blå himmelen. På Veten er det ei ny flott dagsturhytte med bibliotek til glede for turgåarar.

På Vetenplatået er det fleire stiar, der ein kan gå nordover mot utsiktpunkter over Vetvika, eller austover for å bestige ein rekke toppar som samla sett danna ein 7-fjellstur med postar på den lokale fjelltrimmen. På vinteren er det fint å gå på ski her, og elles kan tilhøva for terrengsykling vere gode.

## DOSABU- STORMJAKTHYTTE MED SPEKTAKULÆR UTSIKT

På kanten av klippeterrenget på Frøya, vest av Kalvåg ligg ei hytte med panoramautsikt til storhavet. Det finst to ruter for å komme seg til Dosabu. Dersom du vil ha ein litt kortare tur, men med minst like upåklageleg utsikt, kan du gå frå Nesje. Denne turen er på omtrent 3 km. Men for å komme seg til Nesje, må ein vere budd på å måtte stoppe og rygge, for her er det smale vegar. Frå Kalvåg er turen 6,5 km lang. Hytta er open for alle, men er ikkje til overnatting. Ta med deg mat og drikke, og nyt utsikta, enten det er heftig storm eller fager solnedgang.

(info henta frå [visitnordfjord.no](http://visitnordfjord.no))

For meir informasjon: <https://www.nordfjord.no/dosabu-stormjakthytte>



Foto: Nordlandsblog



## KALVÅG – DET FLOTTASTE RORBUMILJØET I SØR-NOREG

Fiskeværret Kalvåg,  
med sin  
karakteristiske tette  
bebygging av sjøhus  
vaks fram på 1800-  
talet, då folk frå  
fjordstrøka i regionen  
kom for å ta del i det  
eventyrlege  
sildefisket utanfor  
Bremanger. På det  
meste var det  
innlosjert 11.000  
fiskarar, og det fanst



over 50 salteri. Variasjonar i fisket gjorde at ein opplevde syklusar med sterke oppgangar og tilbakegongar i aktivitet og befolkning. På 60 og 70-tallet stagnerte Kalvåg, og mange av dei fine sjøhusa sto for forfall. Bruforbindinge til naboøya Bremangerlandet på 80-talet gjorde at ny satsing blei mogleg, og lokale aktørar med Svein Inge Fosse i spissen, byrja å restaurere sjøhusa til utleige, etablere restaurant og meir.

I dag er Kalvåg i stadig utvikling, men med eit fokus på den ekte og autentiske kystkulturen. Det er eit eldorado for båt og fisketurisme, og ein naturleg base for flotte opplevingar som til dømes dykking og fjellturar. Silde er også framleis viktig for Kalvåg, og det er i nyare tid bygd ut store kaianlegg for den lokale fiskeflåten, og ein har bygd det mest moderne anlegget for mottak og foredling av silde i heile verda. Her produserer dei Matjessild, (*Hollandse Nieuwe*) som er ei delikatesse og nasjonalrett i Nederland.

Sjølv på vinteren er det sydlandsk stemning i Kalvåg, med flott spa med innandørs sandstrand og 28C på vårmeldinga, og jacuzzi med utsikt over vågen. (s.26) På denne tida av året er det stadig fleire tilreisande som kjem for oppleve dei mektige stormane og bølgene som slår inn over strender og holmar i nærleiken.

I Kalvåg finn ein Knutholmen, ein av dei beste sjømatrestaurantane i Noreg, (s. 44+47) eigen fiskebutikk,, museum som fortel om den rike historia, og initiativrike aktørar som arrangerer ei mengd med aktivitetar, både til glede for lokalbefolkning og tilreisande. Det er mange sjøbuer og leilegheiter til leige, samt stor gjestehamn for båt og bubilcamping.

## VINGEN – HELLERISTNINGAR I UNIKT NATURLANDSKAP



Inst i den tronge Vingenpollen, med bratte fjell ikring, og med Hornelen kneisande over, ligg Vingen, eit av dei største og mest særmerka



helleristningsfelt i

Nord-Europa. Her finn ein nesten 2300 figurar som alle er omlag 7000 år gamle. Hjorten er det vanlegaste motivet, men ein finn òg menneskefigurar og abstrakte symbol, samt stavar med dyrehovud som ofte blir tolka som viktige ledd i sjamanistiske seremoniar.

Vingen må sjåast i samanheng med steinalderbusettingane som er funne i Skatestraumen-området, der ein mest truleg har hatt kontinuerlig bebueelse i 8000 år. 150 slike busettingar har blitt funne, eit uhørt høgt antal i ei tid ein enno ikkje hadde jordbruk. Det finst mykje informasjon om dette ved rasteplassen Gloføykje på Rugsundøya, ved fastlandssambandet til ytre Bremanger.

Det er Universitetsmuseet i Bergen som eig og driver området, der dei driver med aktiv forskning der ein stadig kjem med nye funn og teoriar kring mysteriet Vingen. Fleire av forskarane har uttalt seg om at Vingen absolutt burde vere høgaktuelt å få på verdsarvslista. Området er totalverna, og berre organisert ferdsel er tillate.

Opplevinga av å gå rundt og sjå kvar dei satt og lagde alle figurane, kvifor dei lagde dei, og å prøve å forstå formålet med ristningane er unik. I samarbeid med godt erfarne guidar blir dette ein tur du neppe gløymer fort. Dronning Sonja er ei av dei som har lagt sin elsk på Vingen, og besøkte feltet både i 2014 og 2017.

Det vert sett opp turar fredagar om sommaren, men kan arrangerast turar utanom om det er ynskjeleg. Ta kontakt med turistinformasjonen i Bremanger for bestilling og meir informasjon.

## TONGANE – EIT AV DEI STØRSTE TYSKE FORTA LANGS NORSKEKYSTEN

Sjølvs om  
Tongane Fort  
vart bygga  
for krig av  
den tyske



okkupasjonsmakta under 2.  
verdskrig, så er det ei i dag  
fredeleg, idyllisk perle med ei  
svært interessant historie å  
fortelje. For det første var  
dette eit av festningsverka  
som faktisk var i kamp, under



Måløyraidet i romjula 1941. I tillegg er mykje av anlegget, inkludert noko av skytset, intakt og tilgjengeleg. For å gjere Tongane meir publikumsvenleg er det også sett opp fleire tavler med kart, bilete og annan informasjon om festningsverket. Heile festningsområdet er urørt, det er ikkje bygd hytter og hus her.

Det er etter måte enkelt å ta seg fram til Tongane både med båt og til fots. Båtfolket kan bruke kaia på sørsida av anlegget. Til fots går ein frå Hamnen, like ved tunnelen under Skatestraumen (vis omsyn ved parkering og unngå privat område). Det er merka stig fram til festningsanlegget og turen tar om lag ein halv time.



## BOTNANE - GRAVRØYSER FRÅ BRONSEALDEREN



På gardane Sørbotten, Øvrebotten og Nordbotten i Botnane ligg åtte gravrøysar, fleire lett synlege frå både vegen og skipsleia. Dette er eit del av eit stort landskap med gravrøysar der det på strekket Botnane – Årebrot er heile 27 store gravrøysar. Gravene er



Foto: Magni Øvrebotten

frå eldre bronsealder - kring 1800 - 1000 f. Kr. Desse kystrøysene er mellom dei fremste kulturminna frå bronsealderen som er bevart i Noreg, i god stand etter meir enn tre tusen år. Den største har eit tverrmål på 36 meter, den minste er på 14 meter. Når så mykje arbeidskraft kunne brukast på å bygge gravmæle over få utvalde personar, tyder det på at samfunnet var stramt hierarkisk ordna. Småkongane og høvdingane her rådde over kystleia som alle måtte passere langs med kysten, og skattla truleg passerande i det som i såfall blir Noreg sin eldste «bomstasjon».

Ta av frå riksveg 614 ved krysset på Myklebust. Følg fylkesvegen til Botnane ca 30 km. "Nordre Røysa" ligg nedfor vegen på høgre sida. "Søre Røysa" ligg på venstre side av vegen litt nærare gardane i Nordbotten.

Det er kome opp nye informasjonsskilt om gravrøysene ein kan følgje.

Dei andre røysene ligg på Sørbotten på sørsida av Pollen.

## DIKTARSTIEN I BOTNANE



Den folkekjære dikteren Jan Magnus Bruheim budde i Botnane frå 1978 til 1985, og skreiv fleire dikt knytte til konkrete stadar i bygda, som gravplassen, skulehuset og Flôtholmen. I hans minne er det blitt laga til ein kultursti gjennom desse og andre kulturminner og flott natur, med informasjonsskilt og utvalde dikt på spesielle stadar. Det er også laga til disponibel bål plass samt satt opp store flotte sittesteinar og klatresteinar til glede for både stor og små.



Mykje av midlane til kulturstien er samla inn via dugnad blant bygdefolket, som også har stått for store delar av arbeidet.

## AASE BOTNMARK- SKULPTURSAMLING I BOTNANE

Aase Botnmark (f. Øvrebotn) kom til verda 25. mai 1927, på garden Håjen i Botnane. Ho ønskte at delar av kunsten hennar skulle «kome heim», og etter at ho døydde i 2012, deponerte familien hennar eit utval med skulpturar til Bremanger kommune. 22 av dei er utstilte i Botnane grendahus, i den gamle skulestova, som Aase hadde mange gode minne frå. Aase var oppteken av rettferd og likestilling og laga mest skulpturar av kvinner. Ho trekte fram kvinnene sin viktige innsats for familie og lokalsamfunn. Skulptøren Per Ung var ein av lærerane hennar og han sa at «skulpturene dine lever, Aase».



Kystkvinnene hadde ein eigen plass i hjarte hennar. I forsamlingslokalet i Botnane grendhus står skulpturen «Ho mor i ank». Den eig grendalaget etter at det i 2005 vart samla inn 15 000 kr. for å få kystvinna støypt i bronse. Modell var mor til Aase, Sanna på Håjen.

Ønskjer du å sjå utstillinga, eller har du andre spørsmål?

Ta kontakt: Magni Øvrebotten- 970 55 201

Sjå også: <https://botnane.no/2021/12/23/aase-botnmark-kunstnaren-fra-hajen/>





## KRAFT OG INDUSTRI I

### SVELGEN

I Bremanger gav kraftrikdomane grunnlag for oppbygginga av industristaden Svelgen. Det tok tid før det vart etablert industri som kunne nytte krafta, og det var frå 1918 kraftproduksjonen starta, med verksemda Elkem Bremanger som starta i 1928 vert dominerande arbeidsplass. Bremanger blei



Foto: Magni Øvrebotten

egen kommune i 1866 og etter kommunereguleringa i 1965, når Davik vart med,

vart Svelgen senter i den nye Bremanger kommune. Sentrum i Svelgen har dei seinare åra blitt pussa opp.

### KULTURMINNELØYPE I SVELGEN

I Svelgen er det sett opp ei kulturminneløype som var ny i 2022. Her kan ein lese og sjå bilete om utviklinga av industristaden og dagens kommunesenter. Løypa startar ved Øyratunet, det eldste huset i Svelgen, og består av 28 postar med QR-kodar som ein kan bruke til å lese om dei forskjellige stadane. Den er lagt opp til at ein skal gå i ein ring rundt i bygda, men ein kan gå i kva orden ein vil.

Ved kvart punkt finn du eit lite skilt som er merka med nummer og QR-kode. Du finn kart med nummerering og plassering av QR-skilta.

Last ned QR-appen eller bruk kamera på telefonen og du er klar til å følge historia frå Øyratunet til Kyrkjeberget.

For meir info: <https://bremanger.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/kulturminneloype-svelgen/>



## ÅLFOTEN

Denne vesle bygda ligg innerst i Bremanger kommune, ved Ålfotfjorden, mellom fjord og fjell. Ålfoten har skule, barnehage og butikk. I bygda finn du ballbinge, «jungel», sandvolleyballbane.

Bygda har mange merka turløyper til skogs og til fjells og til isbre. Det

høgste fjellet er Blånibba (Gjegnet) 1670 m.o.h. Sigdestadnakken , som ligg mellom dei to dalføra, er blant dei mindre, 632 m.o.h. og med flott utsikt.



Foto: Svenn Petter Kjerpeset

I dalføra Ålfotdalen og Førdsdalen er det mange fine fiskevatn. Førdsdalen er ein V-dal, majestetisk og spektakulær.

## ÅLFOTEN –DEN ELDSTE TREKYRKJA I NORDFJORD

Den over 400 år gamle kyrkja ligg idyllisk til i Ålfoten. Kyrkja, som har 100 sitjeplassar, vart bygd på 1600-talet. Årstalet 1678 var lenge rekna som byggeåret, men ho er meir truleg bygd kring



1610. Ålfoten kyrkje er soknekyrkje for Ålfoten sokn i Davik prestegjeld. Ålfoten kyrkje er ei langkyrkje i

lafta tømmer. Det er mest uråd å få auge på den vesle kyrkja om ein tilfeldig ser etter henne frå riksvegen på oppsida av bygda. Men om ein tek vegen ned i Ålfot-bygda, og let blikket søkje etter eit lite kvitmåla kyrkjehus utan tårn, finn ein snart fram til den vesle trekyrkja, den eldste i tre i Nordfjord. Ålfoten kyrkje har preg av eit solid handverk frå 1600-talet. Kyrkja er den einaste som står att i Davik prestegjeld frå tida diktarpresten Claus Frimann (1746-1829) hadde sitt virke her. Altertavla er like gammal som kyrkja, men overmåla i 1767. Det kan ha vore måleri der det no er stjerner, slik det er på tilsvarende altertavler.

Den eldste trekyrkja i Nordfjord er også den eldste etter-reformatoriske kyrkja i fylket. Det finst ikkje kjelder som fortel om kven som bygde kyrkja i Ålfoten, men det kan godt ha vore ein eller fleire av dei profesjonelle omreisande bygningsfolka. Ålfoten kyrkje er framleis i vanleg bruk og vart for få år sidan restaurert i samarbeid med Riksantikvaren.

*Kontaktpersonar: Lillian Myklebust tlf: 952 05 384 e-post: [myklebust@email.com](mailto:myklebust@email.com) Elles står det ei infotavle ved kyrkja.*



## HJORTEGARDEN I ÅLFOTEN

Hjortegarden innerst i Ålfoten er så tett på naturen som det er mogleg, driven av Sonja og Karl Vidar Førde.

Dette er ein gard med alle positive assosiasjonar til forvaltning av naturen, skaparglede, kjærleg dyrehold, mattradisjonar og jakt. Hjorten er det majestetiske dyret som eig skogane rundt garden, der dei regjerer heilt nede frå fjorden, opp langs elvane, gjennom skog, kratt og urar til snaufjellet og den store Ålfotbreen. Ålfoten er innkapsla mellom høge fjell, rennande elvar, Ålfotbreen og den mektige avstikkaren av Nordfjord. Dette er ekte vare. Dette er naturopplevingar i verdensklasse. Dette er Hjortegarden. Velkomne til gards!



## ÅLFOTBREEN OG VERDENS MEST SPESIELLE HYLLELANDSKAP

Ålfotbreen og den nærliggande Gjegnalundsreen, er dei vestlegaste isbreane i Noreg. Området er det mest regntunge i Europa, der ein anslår at det årleg kjem minst 5500mm nedbør. Denne ekstremnedbøren er grunnlaget for den store kraftproduksjonen i Bremanger og industrien i Svelgen. Klimaet her er arktisk, og sjølv på ein varm sommardag må ein kle seg godt og vere godt forberedt for å gå i området.



Området er eit av dei områder som blei sist utforska og kartlagde i Noreg, så er dette villmark på sitt drøyaste. Den seine utforskinga har resultert i ein del «kreative» stadnamn, så her finn du mellom anna X-Vatnet, Y-Vatnet, Hylle-1, Hylle-2 – og så vidare. Breane og dei nærliggande områda er verna landskapsområder, og er inngrepssfrie, medan så godt som alle vatn, innsjøar og fossefall rundt dette igjen, er regulerte til kraftproduksjon.

Området er karakterisert av det unike og spesielle hyllelandskapet av devonsk sandstein, der ein kan begynne å lure på om ein ikkje har forvilla seg til ein helt anna planet enn Jorda. Det er heilt unikt i verden. Dette er dei oppmalte restane av den kaledonske fjellkjeda som for 400 millionar år sidan strakte seg like høgt som Himalaya-fjella. Når fjellet blei erodert opp, samla sandmassane i det som i dag heiter Hornelen-bassenget - her sklei dei gradvis vestover, og dermed danna hyller, som under enormt press i jordskorpa blei fast bergrunn, som seinare har blitt pressa opp til nye fjell. Det er over 200 slike hyller frå Svelgen-området i vest, til Hyen i aust. Sandstein er umogleg å polere, dermed har ein har enormt godt grep til klatring. Det er mange





stup og klipper i området med forskjellige grader av vanskelegheit, der den drøyaste nok er Galleri-veggen på Gjegnen, som er over en kilometer loddrett opp.

Svelgen og Ålfoten er gode basar for å utforske området. Ta gjerne kontakt med turistkontora for å forhøyre seg om lokalkjende guidar og om kven som kan tilby klatring og rappelering i området. Sjå Keipen Turlag på nettet for arrangerte fellesturar og beskriving av turstiar i området.

## JØRNTUNET

Jørntunet er eit gammalt gardstun, reist på midten av 1800-talet, på Davik.


Eigedomen ligg i eit flott kulturlandskap, der det finnast steinmurar, hellegangar, planta tre og eplehagar. Bygningane på eigedomen er; stovehus, to kvernhus, eldhus og fjøsbygning med låve. I tillegg finst det murar av stabbur, bod, utedo og to smier. Stiftinga Jørntunet vart oppretta i 1992 og har som føremål å ta vare på og restaurere tunet og husa mest mogleg tilbake til opphavleg stand.



## MINNER ETTER DIKTARPRESTEN CLAUS FRIMANN PÅ DAVIK

Den kjende diktarpresten Claus Frimann (1746-1829) bygde eit staseleg herskapshus på to etasjar og med halvvalma tak på høgda over sjøen, ein flott hage med vegar, og planta trealléar og frukttre. Nede ved fjorden bygde han ei bryggje. Eigedomen kalla han for «Frimannslund», og garden vart i åra som fylgde ein samlingsstad for overklassen i Nordfjord med den festglade diktarpresten som vert for store festar.

Claus Frimann planta også ein eigen «diktarlund» av furetre like ved kyrkja på Davik. I tillegg til prestegjeringa, var Claus Frimann ein dyktig forretningsmann som dreiv stort med eigne jekter, sildebruk og salteri. Mykje av arva står att, og ein har reist en bauta til minne om Frimann i diktarlund. Ved hovudvegen er sett opp informasjonsplakett.



## GROTLE GAMLE KYRKJEGARD- KYRKJEGARD FRÅ MIDDELALDEREN

Ved strandkanten på Grotle i Bremanger, finn du den gamle middelalder-  
kyrkjegarden; Grotle gamle kyrkjegard. Den vart fyrst nemnd på 1300-talet.

Gjennom fleire hundre år kom folk hit, mange gjennom sjøvegen. Kyrkja som stod  
der vart riven i 1865, men kyrkjegarden var i bruk heilt fram til 1902. Sidan har den  
lege meir eller mindre urørd. Oppå muren og inne på kyrkjegarden er det ein rik og  
samansett flora. I dag er det registrert nærare 100 gravminne her. Gravene varierer i alder, materiale,  
storleik, form og farge. Plassen er per dags dato (14.06.23) under restaurering. Det vil etter kvart komme  
opp nye infoskilt og ny port. Arbeidet med å setje tilbake gravminne som har vore lagra på rådhuset er no i  
gong, og vi håpar at alle er på plass før sommaren.



For meir informasjon, sjå: <https://leksikon.fylkesarkivet.no/article/bc8460fb-c0-f6-41f2-afa8-376cf2e557ee/>

## RUGSUND HANDELSTAD

Omkransa av vakker natur



ligg den gamle handelsstaden i Rugsund på austspissen av Rugsundøya. Rugsundet er "snarvegen" til Nordfjord når ein kjem sør ifrå innover Frøysjøen. Den berykta Rugsundstraumen er òg å finne i kort avstand frå den gamle handelsstaden. Den lune og gode hamna sentralt plassert ved den indre skipsleia langs kysten var ettertrakta av dei sjøfarande. I dag er hamna mykje besøkt av båtturistar som for alvor har oppdaga den idylliske og fredelege hamna. På Rugsund Handelsstad kan du òg overnatte. Du kan leige rom, leilegheit, hus eller teltplass. Du har høve til å leige selskapslokale til private arrangement, slik som bryllaup, konfirmasjonar, bedriftsutflukter, konferanse etc.

I Rugsund-området er det svært gode tilhøve for dykking. Her kjem turistar frå alle verdsdelar og uttalar seg om den vakre dykkeopplevinga som er å finne i Rugsund. På handelsstaden kan du fylle dykkarflasker.

Når ein befinn seg på Rugsundbrua tek ein av éin meter frå tunnelopninga. Vi anbefaler å halde lav fart og parkere på første parkeringsplassen, i staden for å køyre heilt ned på den gamle, smale vegen.

Kontaktinformasjon: [www.rugsund.no](http://www.rugsund.no) tlf:57 79 42 19/ 57 79 41 30, Mobil: 913 14 961

## RUGSUND KYRKJE

I Rugsund har det vore kyrkje sidan 1300-talet. Kyrkja stod på Rugsundøy til 1834, då den brann ned. Noverande kyrkje vart reist i 1837 på fastlandet, teikna av arkitekt Hans Ditlev Franciscus von Linstow, som også var arkitekten bak det Kongelege Slottet i Oslo. I 1911 vart ho restaurert og vigsla 6. aug. 1912. Kunstnaren Kinsarvik stod for dette arbeidet. Rosemåling og utskjeringar er utført av han. Det blir sagt at interiøret er det vakraste i Nordfjord. Kyrkja har 28 glasmåleri, alle gåver frå kyrkjelyden.


## BERLE – TUNNELANE PÅ GOTRANESET KYSTFORT

I den idylliske bygda Berle, på sørsida av Bremangerlandet, finn ein det nest største tyske fortet frå 2. verdenskrig i Bremanger. Det mest særmerka her, er dei store hallane og tunnellane som blei sprengt ut i fjellet. Dei blei brukte til å lagre ammunisjon og å huse soldatar. Fjellhallane er i dag rydda, og blir brukte til større arrangement som konsertar.

## VIKINGHISTORIE I BERLE

Berle var eit sentrum i Vikingtida, med si strategiske plassering med overblikk over skipsleia i Frøysjøen. Her er det funne både sverd, spyd og restar av vikingskip. Store delar av handlinga i det som blir rekna for å vere den viktigaste Islandske ættesoga, Egillsoga, føregår i Berle. Den mest kjente høvdingen her var Berle-Kåre, som er stamfar til Egil Skallagrimsson, den mest berømte skalden frå Vikingtida. Vikingane i Berle var kjende for å vere «halvt jotnar, halvt menneske», då dei var enormt store og sterke. Dei kunne ta dyreham i beserkargong, hadde profetiske evner og var kjende over heile Noreg for si skaldkunne.

## SMØRHAMN HANDELSTAD



På Smørhamn Handelsstad har det vore drive handel og gjestgjevarverksemd sidan 1600-talet. Dette var ein sentral stad på den tid då all trafikk gjekk frå sjøen. Vi veit om tre kongar av Danmark/ Noreg som har vore innom på reisene til og frå Trondheim. Dette hende i 1685, 1703 og 1733. I 1637 var Smørhamn Handelsstad tingsete for Kinn og

Bremanger. I tillegg var det her det første kommunestyret i Bremanger var, og fylkesbåtane hadde staden som stoppestad. Først på slutten av 1800 tok handelen i Smørhamn slutt, og Kalvåg vaks fram som kommunesenter.

Det er eit privilegium å få feriere i dei historiske bygningane i gamle Smørhamn. I dag er det Kari og Knut Arne som driv han vidare, etter 100 år i Vadøyslekta.

Smørhamn er ein del av pilegrimsleia frå Kinn til Selje, Sunnivaleia. Den går no inn som ein del av den nasjonale kystpilgrimsleia.

Restar frå den gamle kyrkja på Grotle vart seld på auksjon til gjestgjevaren i Smørhamn i 1865, så den kan ei finne spor av i bygningane.





Kari og Knut Arne fortel gjerne historier frå gamal tid om du tek kontakt. (50 kr. pr. pers.) Dersom du er heldig, får du kanskje prøve å ro ein trebåt av den gamle sorten, eller leige ein plastbåt med motor. Dei sel også skinn frå økologisk utegangarsau. I tillegg leiger dei ut 5 leilegheiter i den eine bua, og selskapslokaler i den andre. (sjå side 59)

Velkomne til Smørhamn handelsstad!

Kontaktinformasjon: [www.smorhamn.no](http://www.smorhamn.no) tlf: 958 68 768 e-post: [smorhamn@gmail.com](mailto:smorhamn@gmail.com)

## SMØRHAMN FYR PÅ FISKHOLMEN

Fiskholmen ligg ut mot Frøysjøen sør for den gamle handelsstaden Smørhamn. Her vart det bygt bemanna fyr i 1871. I 1936 vart det sett opp ny fyrlykt og bemanninga avvikla. Enno finnast det mange spor etter det gamle fyret så som landingsplass, trapper og tufter. Namnet til holmen er eit hint til tilreisande som vil fiske. Rett utanfor den er det alltid mykje napp å få.

## FISKARSTOVENE PÅ LISET NÆR KALVÅG

Tek ein turen til vestsida av garden Liset i Bremanger vil ein finne ein fredeleg stad. Berre gamle grunnmurar står att og vitnar om tidlegare hektisk aktivitet, då opp til fleire hundretals menn "låg i Geitholmen". Den sesongvise bruken av staden har eldgamle røter, med eit siste høgdepunkt under vårsildfisket på midten av 1800-talet.

## FYRLYKTER RUNDT KALVÅG

Fyr og fyrlykter er vegvisarar for sjøfarande. Farvatna ved Kalvåg og rundt øya Frøya i ytre Bremanger har 6 fyrlykter: Smørhamn, Sparkeltaren, Kalvåg (Ola-fyret), Minnet, Nesje og Oldesteinen.

Spesielt Nesje fyr er eit ynda mål for besøkande i solnedgang eller storm.

## KRIGSGRAV PÅ NOVELANDET I YTRE BREMANGER

Nær 120 000 amerikanarar miste livet i fyrste verdskrigen, dei fleste på frontane i Frankrike. Ein var Lorents Bakke frå Bremanger. Han utvandra til Amerika i 1911. Han kom heim att som fallen amerikansk soldat i Frankrike, og vart gravlagd på kyrkjegarden på Novelandet.

Når ein kjem ut på Novelandet so er det ein grusveg på høgre sida som er merka med skilt. Det er ein ganske smal grusveg men det er mogleg og køyre heile vegen opp. Det er eit le nært slutten av vegen som ein må reise opp, eller er det ikkje noko i vegen for å køyre heilt opp å besøke kyrkjegarden. Dersom ein bestemmer seg for å gå vegen opp vil det ta rundt 15-20 min å gå opp.

## KULTURMINNELØYPER I BREMANGER

I Kalvåg er det ein Kulturvandringssti som går frå Butikken/Amstkaia og gjennom bygda til dei gamle sildesalteria på andre sida av vågen. Langs løypa er det fleire postar der ein kan lese og høyre om lokalhistoria til bygda. Postane er merka med små blå skilt ein kan bruke til å orientere seg. Ein treng ikkje gå i rekkefylgja som er lagt opp til eller gå innom alle postane. Ein kan trykke gjennom heile utan å gå også om ein vil. Ein finn innhaldet på nettstaden [www.kulturvandring.no/kalvag](http://www.kulturvandring.no/kalvag)

I svelgen er det sett opp ei liknande løype som var ny i 2022. Der ein kan lese om utviklinga til industristaden og dagens kommunesenter. (sjå side 18)

## AKTIVITETAR I BREMANGER

### MESTRINGSGARDEN KLATREPARK



Mestringsgar den ligg i naturskjønne omgivningar på Nesbø, ca. 15 km frå Svelgen. Klatreparken består av

to løyper med til saman 12 element og to ziplines. Det er kontinuerleg sikring gjennom heile løypa og er også trygt for dei minste. Frå 100cm og oppover. Maks 120kg. OBS: Barn under 6 år må gå med en voksen i løypen. (Max to barn med en voksen). Open for bestilling for grupper, ta kontakt i god tid. Kontaktinformasjon: tlf: 901 64 719 / 415 63 328



### CAROLA'S BUASPA

Unn deg ekte velvære i sjøbu-miljø. På Carola`s Buaspa finn du SPA-behandlingar, solopplevingar på innandørs sandstrand, infraraud badstue, eller nyt massasje i boblebadet utandørs. Her kan du slappe av og nyte flott utsikt over vågen i Kalvåg. Ta kontakt for booking og anna info, eller sjå nettside: [www.buaspa.no](http://www.buaspa.no)




Epost: [carolabuaspa@hotmail.com](mailto:carolabuaspa@hotmail.com) Telefon: 414 30 673



## NORWAY ADVENTURES

Det som kanskje er det beste selskapet i Noreg for opplevelsesturisme ligg på Davik i Bremanger. Anne og Rogier van Oorschot, saman med en raskt veksande stab arrangerer draumeferien i Noreg for eventyrlystne frå heile verda. Her står kajakk, ski og spektakulære fotturar til vekkgjøymde fjell og fjordar på menyen – mange av dei i Bremanger, men dei skreddarsyr også opplegg over heile Noreg. Er du ute etter lagbyggingsaktivitetar til firma eller andre grupper, eller ønskjer å vere med på kajakkurs, kan dei hjelpe deg og. Frå 01 Juli til 13 august arrangerar dei daglege halvdags kajakkurar frå Knutholmen i Kalvåg ut mot øygarden utanfor Frøya. Norway Adventures kan organisere det meste her i Bremanger. For datoar utanom dei nemnde ovanfor, prisar eller annan info, sjå [www.norway-adventures.com](http://www.norway-adventures.com) tlf: (+47) 576 24 70 e-post: [info@norway-adventures.com](mailto:info@norway-adventures.com)



## HORNELEN VIA FERRATA

I år kan du oppleve ein nystarta Via Ferrata opp Hornelen, Europa sin høgaste sjøklippe. Denne ligg mektig lokalisert i Bremanger, Nordfjord. Majestetiske Hornelen ligg 860 meter over havet, og har ei spektakulær utsikt utover heile Nordfjord. Hos Hornelen Via Ferrata tilbyr dei tre løyper; Ørnelia, Hekseveggen og Olavsroute. Alle turane gjennomførast med guide. Ønskjer du å utfordre høgdeskrekken litt, eller vil du prøve Via Ferrata for første gong, er Ørnelia noko for deg. Hekseveggen byr på meir utfordring, med mykje klatring, både vertikalt og horisontalt. Hekseveggen er eit krav til å få lov til å klatre Olavsroute. Olavsroute er den mest krevjande ruta og skalerer heile fjellet frå fjæra til toppen av fjellet. Denne er for deg som verkeleg vil kjenne på livet!

*For booking og meir informasjon sjå:*

Nettstad: <https://hornelenviaferrata.no/>

Tlf: +47 57624170



## HJORTEGARDEN I ÅLFOTEN

Hjortegarden innerst i Ålfoten tilbyr ei rekke med aktivitetar for besøkande, som fôring av hjort, melkespannholding og økseasting. Det er også moglegheiter for matsservering etter avtale. Garden får mykje trykk i sesongen så om ein vil delta er det anbefalt på det sterkaste å bestille plass / ta kontakt. Det er og åpent for å komme utan bestilling somme dagar i løpet av sumaren, sjå nettstad for informasjon.

Sonja Kristin Førde +47 901 82 919

e-post: [post@hjortegarden.no](mailto:post@hjortegarden.no)

nettstad: [www.hjortegarden.no](http://www.hjortegarden.no)

<https://www.nordfjord.no/>

Adresse: Ålfotvegen 73, 6737 Ålfoten

Facebook: [facebook.no/hjortegarden.no](https://www.facebook.com/hjortegarden.no)



### Aktivitetar

- Fôring av hjort
- Lag bygging
- Pakketurar
- Ålfotbreen
- Fotturar og DNT-Løyper
- Ferskvatn- og sjøfiske

### Fasilitetar

- Unike naturopplevingar
- Selskapslokal
- Konferansefasilitetar
- Matsservering etter avtale
- Familievennleg

## GUIDA SIGHTSEEING TIL VINGEN

Vingen Helleristningar – Eit av dei mest imponerande ristningsfelt i verda.

- Guida tur kvar Fredag: Avgang 16:05 frå Florø, 16:40 frå Smørhamn  
For bestilling: (+47) 481 40 488

Meir info: <https://www.visitnorway.no/listings/guida-tur-til-vingen-helleristningsfelt/199137/>

Sjå og følg gjerne Vingenfeltet på facebook: <https://www.facebook.com/Vingenfeltet/>

## BADING

- På Davik ligg Hauesanden, ei trivleg lita sandstrand. Den ligg fint til nede ved fjorden og der er tilhøyrande sanitæranlegg.

- I Svelgen er det fint å gå rundt Risevatnet. Her er det òg moglegheiter for å bade, men her er det ikkje toalett som er tilknytt badeplassen. Veggen er nyleg utbetra, og her er no plass til å parkere omtrent til bilar.
- Ved Tusenårsstaden i Gloføykje, mellom leirgulen og Skatestraumtunellen er det ein rasteplass der det er mogleg å bade under den ruvande Hornelen. Det er ogå parkeringsplass og mykje informasjon om kommunen og historia om den.
- På Bremangerlandet er det mange små og store badestrender. Grotlesanden og Vetvika er allereie nemde som eigne attraksjonar.
- Hokssanden er populær blant dei som bur i nærleiken. Den ligg like ved Sparbutikken på Hauge i Bremanger. Det er ikkje toalett og dusj på stranda. Parkering føregår ved butikken.
- I Kalvåg finn ein stranda Bontelabo. Denne stranda er ganske liten, men har toalett og gratis parkering. Det er og moglegheiter for å gå eit stykke av Nordsjøløypa. Her kjem ein enkelt ut til Lamberæva der ein kan ta ein avslappande lunsj med utsikt mot Hovden, Batalden og Botnane. Det er plass til 2-3 telt her.
- For dei som likar å bade over alt ein ferdast så er det moglegheiter. Det er ufatteleg mange fjellvatn, kaier og svaberg ein kan sole og kose seg.



## KLATRING/RAPPELERING

Det er enormt fine forhold for klatring og rappelering i Svelgen og området rundt. Her er bolta ruter for klatring og erfarne folk i området. For dei meir ekstreme så er den 1070 meter høge klippeveggen til Bremanger sitt høgaste fjell, Blånibba eit ynda mål. I tillegg er det verdt å nytte seg av dei nystarta, tilrettelagde klatreløypene; Via Ferrata Hornelen. (sjå side 27)

## BÅTKØYRING OG HAVFISKE

Ein kan leige båt ved Knutholmen i Kalvåg. Elles er det ein god del av hyttene og rorbuene som har utleige av båtar og utstyr. Det kan og leigast sjark/båt med skipper. Ta kontakt med informasjonskontora eller eigaren av staden du bur på for meir informasjon om sjøkart og liknande. Husk sjøvegsreglane og sjøvettreglane.

M/S Nigardsøy er tilgjengeleg for leige til fisketurar og turar til Vetvika etter avtale. Det er ein sjark som er i aktiv bruk i fiske og kan ta med seg opp til 12 personar.

Nettstad: [www.nigardsøy.no](http://www.nigardsøy.no)

Tlf. Ole Nigardsøy: 952 83 533

Bremanger RIB og sjøtenester tilbyr havrafting, persontransport, havsafari og tilbyr ruteturar til vetvika frå Kalvåg og Bremanger på dagar det er nok påmelde.

Nettstad [www.ribvestland.no](http://www.ribvestland.no)

Tlf. 959 46 075

## KANO / KAJAKK / BÅTUTLEIGE

Forskjellige aktørar har båt, kajakk og kanoutleige i Bremanger. I tillegg har en del utleigehus og rorbuer eigen båt som følger med når ein leiger.

Ronja Strandberg har utleige av SUP-brett i Kalvåg, dei er plassert i kaia til buaspa men ein må ringe for å avtale Nettstad : <http://www.kalvaagvannsport.no>

Tlf : Ronja – 941 56 747 evt. Eirik Rylandsholm – 911 60 706

Kanoar, kajakkar og småbåtar kan leigast ved Knutholmen i Kalvåg. For meir informasjon gå til [www.knutholmen.no](http://www.knutholmen.no)

Tlf: 577 96 900

Smørhamn Handelstad har ofte ekstra båtar tilgjengelig for utleige.

<http://www.smorhamn.no/>

Tlf: +47 958 68 768

Langhuken ved Langesjøvatnet har kajakkar ein kan låne om ein har DNT-nykkel.

## DYKKING

I så godt som nær alle delene av Bremanger er det eit eldorado å dykke. Vatnet er klart, det er rik marin fauna med korallrev og lys sandbotn, stor kystfiskstamme, kvalar og ei mengd med spanande skipsvrak å utforske. Kontakt Knutholmen i Kalvåg, Reidarbuva i Bremanger eller Rugsund handelsstad for fylling av dykkarflasker.

## FOTBALL

I Bremanger er det mange tilgjengelige baner og stor fotballinteresse. Alle banene som ligg utandørs er tilgjengeleg for speling.

- I Svelgen er det kunstgrasbane og ballbinge, begge i sentrum.
- I Leirgulen/Kolset har dei kunstgrasbana som antageligvis har Noreg si flottaste utsikt, rett mot Hornelen.
- På Davik er det grasbane og ballbinge ved Davik Oppvekst
- På Bremangerlandet er det ein innandørs hall, kunstgrasbane og grasbane der 4-divisjonslaget Bremanger spelar sine heimekampar. Det er også ein ballbinge ved Hauge Oppvekst.
- I Kalvåg er det grusbane ved skytebana og ein ballbinge ved Frøyen Oppvekst.

## VOLLEYBALL

- Svelgen: Det er mogleg å finne ein volleyballbane ved sida av skulen i Svelgen.
- Leirgulen/Kolset: Sandvolleyballbane som ligg mot sjøen rett ved Kolset Oppvekst og Rugsund-brua. Same fine utsikt som ved fotballbana!
- Bremangerlandet: På Hauge ligg det ei sandvolleyballbane på Bjørsvika ved sidan av kunstgrasbana. I tillegg er det eit sandvolleyballnett på Grotlesanden.

## TRENINGSSTUDIO

- På Bremangerlandet finst treningsstudioet BremangerTrim. Opningstider 08:00-22:00 med kodelås. For å få tilgang til koden må ein kjøpe medlemskap, dagspass er tilgjengelege.

Nettstad : <http://bremanger-il.idrettenonline.no/p/9726/bremanger-trim> .

Kontaktpersonar: Reidar Håvardstun: 482 25 600 og Anne Kristin Førde: 991 69 091

- Kalvåg sitt treningsstudio BUAttrim er ope frå klokka 06:00-23:00. På BUAttrim har du trim med sjøutsikt, eit fantastisk fint opplegg med nytt utstyr. Her kan du kjøpe dagskort via vipps og få kode.



For meir info kan du ringe Camilla: 900 57 613 eller sjekke ut Facebooksida.

<https://www.facebook.com/BuAtrim>

- Bremanger Fjordhotell i Svelgen har helsestudio med ulikt treningsutstyr og tre solsenger. For nøkkelkort må ein henvende seg i hotellresepsjonen. På laurdagar er det ope for familietrim frå kl.13-17. For meir informasjon og prisar [www.bremangerfjordhotell.no](http://www.bremangerfjordhotell.no)

## SYKLING

Om du har med sykkel til Bremanger kan du få sett mykje vakkert av kommunen. Her kan du ta turar åleine eller saman med andre. Har du lyst å sykle med andre er det moglegheiter å ta kontakt med Kalvåg Sykkel eller Svelgen Sykling. Dette er to grupper med glade syklistar som har organisert seg. I sommarhalvåret arrangerer klubbane sykkelturnar rundt om i kommunen. Ytre Bremanger er kjent for sine fine og behagelige sykkelløyper. Om du vil leige ein sykkel i Bremanger kommune ta kontakt med Knutholmen i Kalvåg eller Havlys i Bremanger.

**Terrengsykkel:** På Bremangerplatået er det ekstremt flotte tilhøve for terrengsykling. Ein kan då trille sykkelen opp enten anleggsvegen opp Steinfjellet eller grusvegen som går opp nær Iglandsvik til Igland og Grotlesela via det som lokalt heiter «Nøre bakken». Når ein først er opp på platået er det massevis av egne stiar å utforske. I fjellheimen ovanfor Davik er det og gode tilhøve for terrengsykling med flott utsikt over Nordfjord.

## STOLPEJAKT

Stolpejakt er ein populær turaktivitet som vart gjennomført for første gong i fjor. Det er sett ut 40 stolpar som ein kan finne og registrere seg i ein app. 20 i Nøredalen i Botnane og 20 i Uradalen på Årebrot. Begge dalane er svært spesielle, omgitt av flott, gamal furuskog og variert terreng. Meir informasjon på [www.stolpejakten.no](http://www.stolpejakten.no)

## DISKGOLF

I juli vert det opna diskgolfbane i Øvrebotten med start ved grendahuset. Diskgolf er ein aktivitet som er populær og aukar mykje. Her kan folk i alle aldrar vere med å spele. Det er sett opp 20 baner på 12 korgar. Diskgolf minner om golf, men i staden for golfballar, brukar ein frisbeea/diskar som vert kasta mot ei korg som kan stå forskjellig terreng, også i utmark. Spelet går ut på å få disken i korga på færrest mogleg kast. Bana ligg på begge sider av søre elva i Øvrebotten i idylliske omgjevnader.

## BUABREMANGER

Bua Bremanger er ei kommunal utleigetjeneste der ein kan få lånt diverse utstyr til fritidsaktivitetar. Du finn dei ved inngang i kjelleren (sjøfront) på kommnehuset i Svelgen og det er ope 14:30-17:00 tysdag til torsdag. Utstyr kan utleverast i åpningstidene men kan leverast tilbake utanfor dei. Sjå [www.bua.no/bua-bremanger/utstyr](http://www.bua.no/bua-bremanger/utstyr) for kva utstyr som er tilgjengeleg.

## JAKT

Bremanger er ei av landets største hjortekommunar, og kanskje spesielt Myklebustdalen er legendarisk blant det aktive jaktmiljøet i Noreg. Hjorten kan ein regelmessig observere om ein køyrer gjennom kommunen ein sein kvelds- eller nattetide. Særleg på vårparten kan ein treffe på store flokkar med beitande hjort på innmarka. Interesse for jakt er stor i Bremanger. Den aukande hjortestamma har ført til at nokre grunneigarar har valt å leige ut deler av jaktretten sin, eller at interesserte jegerar har gått inn i eksisterande jaktlaget som gjestejegerar. Hjortejakt er dermed å rekne både som friluftaktivitet og som utmarksnæring. Om du ynskjer meir informasjon om jaktreglar, jaktprøver i kommunen og liknande, ta kontakt med Bremanger Kommune servicekontor.

## LANGRENN – PREPARETE LYSLØYPER

Ved Karlskardstova i Myklebustdalen, mellom Svelgen og Ålfoten/Davik, ved sidan av Langesjø Hyttegrend, er det om vinteren flotte, preparerte og lange lysløyper for langrenn. Anlegget er fritt tilgjengeleg og en kan ha lys i løypene heilt fram til kl. 23 om kvelden. Det er skytebane i tilknytning til anlegget.

## ANDRE AKTIVITETAR

Om du vil ha noko informasjon om for eksempel basketball, longboarding, symjing, friidrett, trim, skyting, havrafting, dans, drama, saum og handverk, bilete og kunst, instrument, etc. så ta kontakt med Turistinformasjonen slik at vi kan hjelpe deg. Det er mange idrettslag som har aktivitetar rundt om kring, og vi er sikker på at det kan være noko for deg.

For andre aktivitetar sjekk også heimesidene til Knutholmen: [www.knutholmen.no](http://www.knutholmen.no) og Bremanger Fjordhotell: [www.bremangerfjordhotell.no](http://www.bremangerfjordhotell.no) og Bremanger Kommune: [www.bremanger.kommune.no](http://www.bremanger.kommune.no) under Kultur, idrett og fritid.

# KUNST OG UTSTILLINGAR I BREMANGER

## GALLERI TORSHEIM

Denne sommaren kan vi presentere ei ny, permanent utstilling i Kalvåg. I to år har Knutholmen, med Jan Fredrik Fosse i spissen arbeidd med å gjere bygget som tidegare vart kalla «Røysbutikken» om til det som i dag vert kalla Galleri Torsheim . Utstillinga er lokaliser i Kalvågvegen 178 og inneheld kring 250 kunstverk av den velkjende biletkunstnaren Oddvard Torsheim.

## FASTE ARRANGEMENT GJENNOM SOMMAREN

- Guida tur til Vingen Helleristningfelt kvar fredag f.o.m medio juni – medio august.
- Kajakktyrur frå Knutholmen i regi Norway adventURes

## OVERSIKT OVER ENKELTARRANGEMENT:

### JULI

13-15 Rockweekend, Iglandsvik

14-16 Bygdehelg i Botnane

### AUGUST

4-6 Kalvåg Kystfestival

25-26 Ålfotmarknaden

For ei betre oversikt som blir kontinuerlig oppdatert, gå inn på Bremanger Turistinformasjon sine facebooksider.

## FJELLTURAR I BREMANGER

### KEIPEN TURLAG

Keipen Turlag er ein kommunedekkande organisasjon. Laget arrangerer turar både i ytre og indre deler av kommunen. Turlaget disponerer to hytter med overnattingsmoglegheiter.



- Moldahytta på 382 moh, 8 sengeplassar, sør for Langeneset, Svelgen. Hytta har ulåst vindfang, for leige av sjølve hytta, kontakt Karstein Løvset i Keipen Turlag.
- Knekkevasshytta på 469 moh, 12 soveplassar på 4 rom + ekstra madrassar. Hytta vart oppgradert i 2017. DNT-lås. Ligg på T-merka sti til Keipen, 1 time gange frå Sjørdalsdammen parkeringsplass, som ligg på vegen mellom Svelgen og Bremanger/Ålfoten.

Turlag, Idrettslag, grunneigarar og andre har stått for merking og rydding av turløyper. Det er gjeve ut bok og kart der alle turane blir framheva og vist, og som kan bli kjøpt på informasjonskontora og en del andre utsalsstadar i kommunen. På [www.ut.no](http://www.ut.no) kan ein også finne mange turar frå Bremanger. Blant anna har Sogn og Fjordane Turlag, Keipen Turlag og primus motor for fjellaktivitet i Bremanger, Svenn Petter Kjerpeset, lagt ut mange fine turar. I alt er det over 100 merka fjellturar i Bremanger!

Ein har også Barnas Turlag, Keipen som arrangerer flotte turar for barn og unge både i skuleåret og ferietider. Sjå [www.facebook.com/Barnas-turlag-Keipen](https://www.facebook.com/Barnas-turlag-Keipen) for info om turar.

## DAGSTURHYTTTER I BREMANGER

- Martinbu på Sandsegga – Populær tur frå Svelgen, og med god grunn – I tillegg til fantastisk utsikt over industristaden Svelgen, så ser ein dei mektige snølagde fjella som krinsar Risevatnet. Frå Sandsegga går det sti vidare til Vingelvsætra. Dagsturhytta har utsikt, 15 sitteplassar og godt lesestoff.
- Molda- Moldahytta er eigd av STIF og drifta av Keipen Turlag. Tal sengar: 8 Det er ikkje lagt til rette for å ha hund med på hytta.

Ta kontakt med Karstein Løvset for å få koden til nøkkelboks. Tlf. 91 66 68 86

- Knekkevasshytta- Den 100 år gamle Knekkevasshytta er eigd av SFE og Keipen Turlag har avtale om å nytte den som ubetjent DNT - hytte. Tal sengar: 12. DNT – lås. Det er ikkje lagt til rette for å ha hund med på hytta. Kontakt: Steinar Isene tlf: 45 87 47 37



- Languken – Gapahuk ved langesjøvatnet. Bålpanne og moglegheit for soving med medbrakt underlag og sovepose. Moglegheit for utleige av kano/kajakk med nykkelen til DNT. Ein fylgjer merka sti frå parkeringsplassen ved langesjø hyttegrend
- Kvilehytta i Berledalen-Lita, fin hytte ved eit fint vatn. Frå Berle: følg nordsjøløypa med start ved skulen og gå på grusvegen nesten heilt fram til hytta. (2 km). Frå Bremanger: start ved parkeringsplassen inst i Førs. Følg Nordsjøløypa over Høgste og Bremangerskaret og sti ned til Berledalen. (ca 4,5 km).
- Olavsbu - Steinhytta på Hornelen som fungerer som ei rastebu/nødbu fekk turlaget i gåva frå Berle grendalag i november 2019. Hytta vart laga sommaren 1990 i samband med Heksefestivalen som vart arrangert i Berle. Mykje folk er innoom her kvart år for å skrive seg inn i hytteboka og for å hente flagget og vise for alle at ein har nådd toppen av sjøklippa Hornelen.
- Dosabu – Ny «stormhytte» helt yst på Frøya, så langt vest det går å komme i Bremanger. Merka sti frå Kalvåg og Nesje. Spektakulær utsikt over havet og bølgene som slår inn mot klippeveggane.
- Vetehytta – Dagsturhytte ved varden som markerar det høgste punktet vest på Veteplatået – Noreg sitt vestligaste fjellplatå. Her er det nynorsk bibliotek, sitteplassar, praktfull utsikt og toalett i nærleiken.

## Informasjon om einstilte utvalde fjellturar:

Vasstett stort turkart over kommunen (249,-) kan kjøpast på mange av butikkane og utsalsplassane i Bremanger, samt på Turistinformasjonen. Elles er det gode ressursar på [www.ut.no](http://www.ut.no) og ut-appen. Vi har og sjølvproduserte kart/vegbeskrivelse til dei fleste av dei nemnte turane her som vi deler ut gratis.

### HORNELEN

- **Frå Hunskår:** Denne ruta er kortare, men mykje brattare enn den frå Berleneset. Den er også ofte gjørmete i byrjan, men ein del av det er blitt jobba med av skjerpaar. Dei har kome seg rundt 400m opp med steintrapp so langt, men har planlagt å lage den mykje lenger i framtida. Etter ein har gått eit godt stykke kjem ein til eit flatt terreng der skjerpaene også har jobba, so der er det fint og flatt med steinar i 900meter. Når ein er ferdig med det terrenget går det ned i ein dal der ein møter løypa som kjem frå Berleneset. Turen tek ca. 7-9 timar.
- **Frå Berleneset:** Dette er ei rute til Hornelen som er lengre og dermed ikkje like bratt, likevel er det naudsynt med litt fjelltrening før ein legg ut på tur. Ruta gjev stor naturoppleving og flott utsikt. Det er bygd ei lita steinhytte på toppen av Hornelen. På toppen er det viktig å vere obs på rullesteinar og djupe sprekker.  
Heile turen tek ca. 8 – 10 timar. Denne turen er merka raud løype og passar erfarne turgåarar, den krev god uthaldenheit og godt turutstyr.

### VETVIKA

Ein startar frå vegen som går til Steinfjellet, den er merka med skilt frå vegen på Svarstad/Dalen, Bremanger. Vi følger vegen ca. 2 km til kring 500 m.o.h. Etter svingen der det er ei privat hytte i nærleiken skal ein svinge av vegen og gå den merka stien. Denne skal følgast nordover, slakt stigande ca. 1 km. Stien delar seg her i to. Begge stiane går til Vetvika.

Vi anbefaler her alle som ikkje går med kjentfolk å ta den stien som går mest nordover, rundt delar av Fåvatnet. Den andre stien kan opplevast som skremmande bratt å gå ned. Etter Fåvatnet kjem ein til ei steinur, med sikt ned til Solheimsvatnet i Vetvika. Følg stien ned, ca. 3 km, og gå på høgre sida av vatnet.

Heimover kan ein prøve seg på den brattare bakken opp. Dette er kortare. Det skal vere greitt å følgje stien sjølv om den tidvis bevegar seg over steinur. Nyt usikta på toppen 574 m.o.h., og følg stien tilbake mot Steinfjellet.

Ønskjer du ein litt lenger tur, med god utsikt kan du gå opp merka løyper frå Iglandsvik. Du føl blå/raudmerka sti til utmarka og vidare langs fjellsida oppover til krysset der stiane går i kvar si retning. No føl du raudmerka sti i retning aust.

Som den urørte perla Vetvika er, så finst her ingen søppelbøtter. Difor er det ekstra viktig å ta med tilbake alt søppel som du hadde med deg.

## VETEN (FRÅ GROTTLESANDEN)

Start frå snuplassen ytterst på Grotle. Ta til høgre langs nausta mot fjellgrinda. Noko bratt stigning på god sti i steinur inntil ein når 300 høgdemeter. I Groldalen flatar løypa ut i 700-800m før ny brattare stigning på nye 200 høgdemeter. Då er ein oppe på platået og har ca. 1,8 km at til Vetten. Vettenplatået er flatt og steinfritt. Siste 700 m før vetten møter ein en slakk motbakke på 70 høgdemeter. Frå toppen har ein god utsikt utover havet samt nord og sørover. Turen opp tar ca. 2 timar og heile turen har merkinga blå løype, som vil seie at den passar for nybyrjarar/middels trena turgåarar med grunnleggande ferdigheiter. Frå Vetten har ein eit stort utval av turar ein kan gå vidare på det relativt flate platået som dekker mykje av Bremangerlandet.

## FLØYNA PÅ SMØRHAMNSØYA

Denne fine, vesle turen passar perfekt til å ta med dei minste borna. Rett bak/over Smørhamn Handelsstad ligg Fløyna. Den ligg 100 m opp frå havflata, men du kan gå eller sykle halvvegs opp op hyttevegen som er merka med FLØYNA. Vidare kan du følgje berga oppover kvar enn du vil, men vi anbefaler å starte ved den første svingen, der det er merka. Frå toppen ser du omtrent uforstyrra 360 grader rundt deg, til Bremanger, Nesje, Kalvåg, Kvannhovden, Florø, Botnane, Guleefjorden og vågane. Kanskje er du heldig og får sjå sola gå ned i havet ved Olderveggen, eller opp igjen over Kjeipen ein fin morgon. På toppen finn du ei bok du kan skrive namnet ditt i, og kanskje treff du på eit «Eine-troll» eller fleir, av det snille slaget.

## DOSABU

På Dosavarden 291 moh. ligg den flotte stormhytta Dosabu. Turen startar frå Nesje og er 3 km lang. Ein kan også gå frå Kalvåg, då er turen 6,5 km lang. Med havutsikt i auget heile vegen, er Dosabu eit nydeleg endepunkt med upåklageleg utsikt. Hytta er plassert på kanten av klippeterrenget på Frøya, vest av Kalvåg med panoramautsikt over havet. (sjå meir på side 13)

## STOREHOVDEN VED KALVÅG

Nordsjøløypa starta ved Bontelabo badestrand. Etter ein lett fottur opp til Flona, nær sentrum, har ein utsikt utover Frøyskjera – eit naturvernområde med rikt fugleviv. Her finns også ein



gammal observasjonspost frå krigen. Derifrå går turen ut til Storehovden, også ofte kalt «Torshovden», (frå norrønt; tempel/ofringstad til guden Tor) som er ein hammarforma fjellhammar som ligger ute i havet. Her er det moglegheiter for bading og stangfiske. Ved enden av Nordsjøløypa står eit bord, her kan ein slappe av og nyte utsikta.

## RISEVATNET

Turen byrjar ved bom anleggsveg i Svingen på R614 ved Risevatnet. Det er parkering for 2 – 3 bilar ved bommen, men ein kan godt parkere i sentrum og spasere fram til bommen. Anleggsvegen er ein grusveg som er 5 km lang. Den går i variert terreng langs vasskanten og opp i skogen. Enden på vegen er ved tunellinnslaget til kraftanlegget. Vegen er mykje nytta både til spaserturar og som joggeløype og skiløype. Turen kan gjerast med joggesko. Vatn finn ein undervegs. Vi ser utover Risevatn mot vest og Staven, Rikeloftet og Omnen mot sør. I retning sør frå tunellinnslaget kan ein sjå ansiktsprofilen i fjellmassivet som er kalla “Risevatnes vokter”. Heile turen tar ca. 3 timar.

Denne turen er merka med grøn løype som vil seie at den passar til nybyrjarar, den krev ingen spesielle ferdigheter og skal kunne gjennomførast av alle.

## SMALERABBEN

Turen til Smalerabben startar frå snuplassen i Førde på Bremangerlandet. Like innanfor snuplassen finn du plass til å parkere, Derfrå følgjer ein merkinga til Nordsjøløypa på opparbeidd gangveg inntil den flatar ut på høgda. Då tek ein til venstre og følgjer sti merka med blått mot nordvest til ein kjem til Raudskarvatnet. Der svingar stien i meir austleg retning. Vidare austover følgjer ein kanten med utsyn mot Dalsbotnen. Etter 1 km langs kanten kjem ein til toppen. På det smalaste er Smalerabben berre 1 m brei med 500 bratte høgdemeter ned mot nord og 250 m stup på den andre sida. Ned att kan ein t.d. gå ned på merka sti til Lågeide og ta utmarksvegen tilbake til parkeringsplassen. Ein brukar omtrent 1 time og 45 minutt opp. (Informasjonen er henta frå Bremanger Turboka



## KEIPEN

R614/Sjørdalsdammen-Keipen 14t, 270 - 1362 moh.

Turen byrjar ved trappa som går opp frå Sjørdalsbrua ca. 6 km frå Svelgen. Kan parkere på stor utkøyrse ved naust, Sjørdalsvatn. Frå Sjørdalsdammen er det T-merka sti til tregrensa og vidare til Keipen. 200 m sør om hytta ved Knekkevatn går stien opp den bratte lia mot søraust, følgjer dalsøkket over Storskredene og over Hjelmemyrane mot Søre Hjelmevatn. Ruta til Keipen er varda og merka med T-ar. Merkinga går på sørsida av Søre Hjelmevatnet og vidare til Keipen. Ver merksame på å fylgje merkingane nøye i dei litt bratte grasbakkane på hylla i Øvre Vasskaret. Frå Keipen er det mogeleg å gå til t.d. Plogen og Maritinden ved å halde litt nord om vasskiljet i austleg retning.

Skitur til Keipen blir ofte lagt slik at ein etter Keipen går vidare austover mot Plogen, og inn på Hylle 7. I Hylle 7 har vi jamn køyring nordover og ned til Førdedalen. I Førdedalen kan vi gå på god skogsbilveg heilt ned til grenda Førde i Ålfoten. Vatn finn ein undervegs. Frå ca. 1000 moh og opp kan det vere vanskeleg å finne vatn på grunn av steinur. Dei særmerkte fjellformasjonane gjer dette området veldig spesielt. Keipen har gitt namnet til turlaget i Bremanger. Keipen er det høgaste fjellmassivet i Svelgen området. Utsikta frå toppen er fantastisk i alle retningar.

Turen tek ca. 14 timar.

Denne turen har merkinga svart merking og passar erfarne fjellfolk, turen krev god uthaldenheit og godt turutstyr samt kunnskapar om kart og kompass.

## ÅLFOTBREEN

10B Ruta går til fossen ved Litje Åsgårvatn. Følgjer vidare hylla til ein rundar inn på breen, eller følgjer fast fjell vest for breen mot høgste brekulen. Ein kan gå på ski på breen mest heile sommaren. Ein fylgjer fjellryggen vest for breen og endar ved ein stor varde med kasse og besøksbok ca. 500 meter vest for brekulen. ( NB. Tau -sikring på Breen). Når det gjeld Ålfotbre-området kan det vere nyttig info å finne på DNT Bergen sine fjellsportsider på internett. Det kan vere nyttig å sjå på ruteskildringane og teikningane der.

Heile turen tek ca. 10 timar. Denne turen har merkinga svart merking og passar erfarne fjellfolk, turen krev god uthaldenheit og godt turutstyr samt kunnskapar om kart og kompass.

## GJEGNEN/BLÅNIBBA

Startpunkt:

Parkeringsplass –

Yksenelvane Kraftverk,  
Ålfoten. 12 t, 2-1670 moh.

For ekspertar.

Dette er ein lang,  
spektakulær tur der ein  
bevegar seg inn i arktiske  
klimaforhold, der veiret  
fort kan snu. Forbered deg  
difor godt.



Foto: *Svenn-Petter Kjerpeset*

Følg bratt anleggsveg (sperra

av bom) som slynger seg oppover. For å spare tid kan ein nytte sykkel då anleggsvegen flater ut etter oppstigning. Etter ca. 6 km på anleggsvegen kjem ein til T-merka sti i terrenget oppover. Frå ein forlét anleggsveien til toppen er det ca. 11 km. Ein kan sjå Gjegenen mesteparten av vegen. Etter ei lang stigning møter ein Gjegalundsreen. Ein må krysse breen i over 1 km for å nå toppen. Sjølv om breen er flat og fin å gå på, må ein nytte tau. Det er ingen merking over breen, men ein ser ein varde på andre sida som ein går etter. Det spektakulære punktet på Gjegenen er ikkje sjølve toppunktet, men galleriet litt bortanfor, der ein kan sjå 1070 m rett ned i fritt fall.

Gjegenen er det 5. høgaste fjellet i Noreg målt i primærfaktor. Det betyr at dette er knapt nok ein einaste stad elles i Noreg der ein har utsikt over eit større område. Her ser du alt frå Jotunheimen m.

Josterdalsbreen til Sunnmørsalpane og ut i Havgapet.

## BUTIKKAR OG SERVICETILBOD

### DAGLEGVARER:

#### COOP SVELGEN:

Måndag – fredag 08 –22  
Laurdag 08 –21  
Telefon 979 91 475

#### NÆRBUTIKKEN

##### ÅLFOTEN:

Måndag – fredag 11 – 18  
Laurdag 11 – 16  
Telefon 577 95 832

#### NÆRBUTIKKEN DAVIK:

##### Opningstider skuleferien:

Måndag – fredag 9 – 19  
Laurdag 9 – 17

##### Vanlege Opningstider:

Måndag- torsdag: 10-18

Fredag: 10-19

Laurdag: 10-16

Telefon 577 94 768

#### NÆRBUTIKKEN LEIRGULEN / LEIRGULEN HANDEL:

Måndag – fredag 10 – 17  
Laurdag 10 – 15  
Telefon 577 94 136

#### SPAR BREMANGER

##### Opningstider f.o.m 01.07.22 til 06.08.22

Måndag -Fredag 08 – 20  
Laurdag: 08 – 18

##### Vanlege Opningstider

Måndag-Fredag:08-18  
Laurdag: 08-16

Telefon: 57791308

## JOKER BREMANGER:

Måndag – fredag 09 – 18  
Laurdag 09 – 16  
Telefon 577 91 200

## SPAR KALVÅG:

### Opningstider f.o.m 01.07.22 til 06.08.22

Måndag – Fredag 08 – 20  
Laurdag: 08 – 18  
Søndag: 11 – 15  
Telefon: 577 91 010

### Vanlege Opningstider

Måndag-Fredag:08-18  
Laurdag: 08-16

## BANK

Sparebanken Sogn og Fjordane sin filial i Bremanger kommune ligg på Iglandsvik Næringspark i Bremanger. Om ein treng ulike valuta må ein oppsøkje lokala til Sparebanken i Florø, Førde eller Måløy.

Ope for rådgjeving etter avtale måndag - fredag

Bank i butikk: Coop Svelgen, Spar Bremanger,  
Spar Kalvåg.

Kundesenter:

Tlf: 57 82 97 00

Nettside: <https://www.ssf.no/>



*sparebanken  
sogn og fjordane*



## FRISØR

- Hilde's Frisørsalong AS har to salongar. Den eine ligg ved Spar på Hauge i Bremanger og den andre ved Spar på Amtskaia i Kalvåg. Salongen i Bremanger er open måndag til fredag og enkelte laurdagar. Salongen i Kalvåg er open tysdag 09-16 og torsdag 13-18. For timebestilling, stikk gjerne innom eller ring: 57791250 (Bremanger) / 99519087 (Kalvåg).
- Cammy`s Frisørhjørne ligg midt i Kalvåg sentrum like ved Spar butikken. Salongen drivast av Camilla Røys. I sine flotte lokalar tilbyr ho klipp, fargeendring, voksing, makeup veileding, styling av hår og sminke til spesielle anledningar. Ta kontakt for priser og booking av time på 900 57 613.
- Om du oppheld deg i Svelgen kan Wito og La Bello hjelpe deg. Begge salongane ligg i sentrum av Svelgen og er lett å finne. Stad: Svelgen // Telefon: Wito: 57 79 34 24 La Bello: 57 79 10 60.

## SPESIALBUTIKKAR

### BRØDRENE LARSEN FISKEBUTIKK

På Fiskebutikken til Brødrene Larsen på Kalvøyna i Kalvåg, får ein alt i den ferskaste fisken og skaldyra frå fiskemottaket som ligger vegg-i-vegg til svært hyggelige prisar, med både ferske filetar og praktiske frysepakningar. I tillegg byr dei ofte på nysteikte fiskekaker.

#### Opningstider:

Måndag – fredag                      7:30-15:30

Feriestengt 28.07- 28.08

Telefon: 454 17 088



## FARMEN - LIVSSTILBUTIKKEN

Farmen ligg på Iglandsvik i Bremanger. Her er det kafé med sal av is og kaker som kan nytast ved det flotte uteområdet. Det er og sal av klede og garn. I ei avdeling i butikken blir det og selt blomar og eit innslag av sesongen sitt interiør. Farmen har og nettbutikk, sjå:

[www.livsstilsbutikken.no](http://www.livsstilsbutikken.no)



Stad: Iglandsvik, Bremanger

E-post: [post@livsstilsbutikken.no](mailto:post@livsstilsbutikken.no)

Telefon: 57 79 59 10 97090014

### Opningstider:

Måndag-fredag Kl. 10:00 – 17:00

Laurdag Kl. 10:00 – 16:00

## O. GROTFLE EFTF (JOKER IGLAND)

Odd Grotle Eftf. ligg på Iglandsvik i same lokalet som Joker butikken. Her er det sal av fiskeutstyr, jernvarer, maling, bildekk og fritidsutstyr etc. Her er det også mogleg å fylle bensin under opningstider.

Stad: Iglandsvik, Bremanger

Telefon: 577 91 200

## YTREHUS SAG AS /

Dei er lokalisert på Ytrehus i Bremanger kommune, 13km frå kommunesenteret, Svelgen. På vel 2.000 m<sup>2</sup> under tank finn du det meste av det du treng av byggevarer, frå grunnmur til pipe. I tillegg til trelast og tyngre byggevarer har dei jernvarer og malingsprodukt.

Stad: Svelgen

Telefon: 57 79 55 77

E-post: [post@ytrehus.no](mailto:post@ytrehus.no)

Opningstider : 8:00 – 16:30 mån – fredag

## AKTIV JOBB

Aktiv jobb har som målsetjing å gje arbeidstilbod til menneske med nedsett funksjonsevne og andre med yrkeshemming. Dei har to jobbavdelingar, ei på Fossestranda og ei på Bakarhuset, Svelgen.

- Bakarhuset i Svelgen: Her sel dei heimelaga mat, kaffi/te, brus, juice m.m.  
Uteavdelinga/verkstaden kan også hjelpe til med t.d.  
Stell av hage, hekk og plen  
Hjelpe til med enkle snikkeroppdrag  
Dei produsera også diverse utemøblar, tavler m.m.
- Fossestranda: Her tilbyr dei følgande tenestar:  
Produksjon og sal av ved  
Kopiering av dei fleste typar videoar  
Sy-avdelinga lagar t.d. Tepper  
Diverse sal av nisse-lykter, fuglehus, vogger m.m.

## MAT OG DRIKKE



### BAKARHUSET I SVELGEN

Har du lyst på fersk bakst må du innom Bakarhuset i Svelgen. Her finn du gode lunsjmoglegi varmrettar og noko lett å drikke. I same lokalet held òg Aktiv jobb til. I lokala til Bakarhuset vert det sal av kunst og handverk som Aktiv jobb har laga.

Opningstider Tysdag - Fredag 10:30 – 14:00. opent f.o.m. 01.06-30.06.2023 og f.o.m. 01.08.2023

*Bakarhuset, Gunnar Scheldrupsveg 11, 6723 Svelgen, tlf. 91658520/95982930*



### BREMANGER FJORDHOTELL – KAFÉ OG RESTAURANT

Bremanger Fjordhotell ligg i Svelgen sentrum. Her kan du kose deg med ein kopp kaffi og noko godt å bite i. Restauranten er nyoppussa, og har utsikt mot fjorden og har ei roleg atmosfære. Hotellet har eigen kafé, restaurant og bar og har høg kvalitet på matservinga. Her er også treningsrom og innvendig leikerom for born. Utanfor har dei sjørøvarskute for ungar, karpedam og moglegheiter for leige av kano og kajakk. Ein perfekt destinasjon for familiar.



*Meir info: tlf. (+ 47) 57 79 65 20*

Heimesider: [www.bremangerfjordhotell.no](http://www.bremangerfjordhotell.no)

[www.facebook.com/bremangerfjordhotell](https://www.facebook.com/bremangerfjordhotell)





## KAFFIKROK I ÅLFOTEN

Ved sidan av Nærbutikken i Ålfoten finn du no ein nyopna Kafè. Her kan lokale og tilreisande søkje ly for vind og veir, eller berre kose seg med litt kafèliv. Ta ein prat med kjende eller ukjende og kos deg med noko godt frå butikken og ein kopp kaffi. Kaffikroken er open frå 11-18 på kvardagar og frå 11-16 på laurdagar. Men det er også mogleg å låse seg inn etter stenetid ved hjelp av ein kode.

*For meir informasjon, kontakt: 57795832*



## DAVIK FJORDPARADIS

På Davik Fjordparadis kan du nyte eit godt måltid med flott utsikt ut over Davik og Nordfjord. Restauranten er nyleg renovert, og har alle rettigheter. Her er det også moglegheiter for å leige rom. Fjordparadiset er svært godt tilrettelagt for både bubil, teltcamping og båtturistar, med sanitærfasilitetar, disselfylling på kaia og straum. Davik Fjordparadis er eit knutepunkt for både lokale og tilreisande.

Tlf.nr : 414 08 555

Mail: [post@dampendavik.no](mailto:post@dampendavik.no)

Nettstad : [www.davikfjordparadis.no](http://www.davikfjordparadis.no)



## VIVI'S MATGLEDE

Rullerande restaurantverksemd som serverar ektefølt mat basert på sjømat og lokale råvarer, tilbyr både kjøp av mat i vogna, catering og leige av kokk og serveringspersonale til selskap i ditt selskapslokale. Lokalisert på Iglandsvik Marina.

Ved førehandbestilling av mat eller bestilling av catering, og/eller kokk og serveringspersonale ta kontakt.

Viviane Felix Silva på tlf: 916 27 233.

[www.vivismatglede.no](http://www.vivismatglede.no)

Vivi's Matglede på Facebook



## HAVLYS



I idylliske omgjevnader på Iglandsvik finn du Havlys Bed & Breakfast. Du finn oss heilt i sjøkanten blant naust og sandstrender, der ramsalt sjø og sjøbuer dannar ramma.

Restaurant/kafé/pub-delen av Hays held open på sommaren, men i resten av året er det kun ope på annonserte kveldar, dei har mellom anna soft-is og knallgod pizza. Det

er moglegheit for take-away.

Havlys, Teigane 1, 6727 Bremanger, Tlf.469 28 248,

e-post: [post@bremangerland.no](mailto:post@bremangerland.no)

Heimesider: [bremangerland.no](http://bremangerland.no)

<https://www.facebook.com/Havly-Bed-Breakfast>

Opningstider f.o.m 26.06.22

Man-tors: 15:00-24:00 (kjøkken stenger 21)

Fre-laur: 15:00-02:00

Søndag: 13:00-20:00 (kjøkken stenger 18)

## FARMEN

Koselig kafé som spesialiserer seg på kaker og har nydelig italiensk is på menyen. Her kan ein sitte inne eller ute i flotte omgjevnadar. Farmen har og utsal av plantar og blomster, spennande ull og andre tekstilprodukt, garn og strikkeutstyr, økologiske produkt, samt gåveartiklar. Ligg ved sidan av Joker Iglandsvik, nær Iglandsvik Marina.



Opningstider:

Man-Fredag 10:00-17:00.

Lørdag 10:00-16:00

Sundag 12:00 – 16:00

## KNUTHOLMEN


Likar du god atmosfære, god mat og ramsalt kystkultur? Då er Knutholmen og fiskeværret Kalvåg ein stad du vil trivast. Når du kjem til Knutholmen har du teke steget inn i ei maritim verd. Knutholmen er familiedriven. Dagens innhavarar er tredje slektsledd som tek vare på Knutholmen. Sidan 1952 har tre generasjonar stått på for å byggje, bevare, utvide og utvikle staden. Restauranten manglar ingenting, og har eit spesielt fokus på den beste sjømaten som ein kan finne langs kysten, med kokkar på kjøkkenet som er i norgeseliten. Dei svært opptekne av å halde høg kvalitet på alt dei serverer. Anten det er villfanga eller villfiska, heimebake eller handlaga.



Ferske råvarer er viktig for eit godt resultat, og Knutholmen ligg så og seie midt i spiskammerset med fiskefelta berre eit steinkast utanfor.

Naturen rundt Knutholmen er ei oppleving i seg sjølv. Det går turistar over fjella, mellom anna til kvite strender og høge klipper der du kan sjå havørn og heftig sjø. Dei som ønskjer kan vere med på havet for å dra line eller fiske krabbe. Ein kan padle brett eller kajakk, leige båt for deg sjølv eller vere med på buavandring. Eller ein kan ta eit bad etter ein varm time i badstova. Ta med deg familie, gode venner, kollegaer eller kundar til fiske og opplevingsparadiset Kalvåg.

*Knutholmen, Holmen 19, 6729 Kalvåg, Tlf. 57 79 69 00/ 995 03 061, e-post: [post@knutholmen.no](mailto:post@knutholmen.no). Heimesider: [www.knutholmen.no](http://www.knutholmen.no) og [www.facebook.com/knutholmen](https://www.facebook.com/knutholmen)*



## BÅTHAMNER

### SVELGEN MARINA

Bremanger Fjordhotell har betongflytebrygger med gjestekai

fint plassert i kommunesenteret Svelgen inst i Nordgulen. Djupne ved lavast lav vatn ved sjøtrappa er 1,00 meter.

Der er gratis gjestehamn ved hotellet som er tilgjengelig for alle.

Det er også moglegheit for straum og vann.

### RUGSUND HANDELSSTAD GJESTEHAMN

Rugsund Handelsstad kan tilby ei god og lun hamn med kai og flytebryggjer. Straumuttak på kaia, 16 amp. kursar. Der er òg sanitæranlegg, vaskemaskin, tørketrommel, grillplass, leikeplass og tilgang til snorlaust internett. Ring tlf. 913 14 961 for å få nøyaktige prisar.

### DAVIK FJORDPARADIS GJESTEHAMN

På Davik Fjordparadis har dei mykje. Her finn du i tillegg til mykje anna, ei Gjestehamn med serviceanlegg med toalett, dusj og vaskeri. Dei har også trådløs nettverk, straum og moglegheit for diselfylling. Rett ved sida av gjestehamna ligg det ein restaurant, eiga badestrand og fine turløyper.

Tlf.nr : 414 08 555

Mail: [post@dampendavik.no](mailto:post@dampendavik.no)

Oppheld du deg andre stadar og du treng ei hamn, ta kontakt med Turistinformasjonen eller oppsøk dei som eig hamna for meir informasjon.

### IGLANDSVIK MARINA, BREMANGER

Gjestehamn med anlegg for straum og vatn i tillegg til sanitæranlegg med dusj og toalett.

Vipps til nummer: 118773, merk med telefonnummer.

For meir info: *Jostein Grotle tlf: 915 42 550*



### KALVÅG GJESTEHAMN

Stor gjestehamn med plass til den store mengda med båtar som legg turen innom Kalvåg. Det er tilgjengelig straum og servicebygg med toalett, dusj og vaskeri. Wifi er gratis



Knutholmen administrerer og tek betalingar.

Kontakt telefon: 57 79 69 00.

## OVERNATTINGSMOLEGHEITER

NB: I tillegg til dei som er lista her, så er det mange som leiger ut periodevis både hytter og hus på airbnb og andre sider

### KNUTHOLMEN

Knutholmen er den største formidlaren i regionen av forskjellige former for overnatting. Her finn du inntil 250 sengeplassar. Du kan bu i ei rorbu, ei leilegheit, eit historisk eller moderne sjøhus.

Likar du god atmosfære, god mat og ekte kystkultur, då er Knutholmen og fiskeværret Kalvåg ein stad du vil trivast. Knutholmen er ikkje eit hotell, men i


gangavstand rundt den vesle vågen finn du flotte

oppussa rorbuer, restaurant med dansegolv, kaier og flott opplegg for båtfolket, kurslokalar og ramsalt kystkultur kor som helst ein snur seg. Slik blir Kalvåg, samla sett, eit stort levande hotell.

Med mange tilbod og stor restaurant, er Knutholmen, saman med fiskerinæringa, livsnerva i Kalvåg-samfunnet.

Knutholmen har utleige av småbåtar, sjark med førar, kajakk, sykklar og elbil. I tillegg kan dei organisere turar i regionen med og utan guide på førespurnad. For meir om det fantastiske mattilbodet og resturanten som

spesialiserer seg på sjømat, sjå side 46. // *Knutholmen, Holmen 19, 6729 Kalvåg, tlf. 57 79 69 00, e-post: [post@knutholmen.no](mailto:post@knutholmen.no). [www.knutholmen.no](http://www.knutholmen.no)*



## BREMANGER FJORDHOTELL



Fjordhotellet ligg i sentrum av Svelgen og har kort avstand til dei fleste attraksjonar, butikkar, arrangement etc. Hotellet har 39 rom til gjestar og besøkande. Dei tilbyr også

overnatting i leilegheiter, samt bubilparkering og gjestehamn. I første etasje finn du restaurant, kafé og to konferansesalar med kapasitet opp til 20 og 50 personar. Restauranten rommar opp til 160 personar og har ein bar som har alle rettigheitar. Det er tilgang til snorlaust nettverk, samt gratis tilgang



til treningsstudio og steambad. I tillegg er det moglegheiter for å leige kano, kajakk, båt eller sykkel. Med innandørs leikerom og sjørøvarskute utanfor er Bremanger Fjordhotell ein perfekt destinasjon for familiar.

Nordsjøen er næraste nabo, mellom bre og fjell. Her har du eit eldorado av opplevingar i nærområdet.

Svelgen er det ideelle utgangspunkt for dagsturar i skog og mark, til fjell og fjord, bre og hav.

*Bremanger Fjordhotell, Granden 4, 6723 Svelgen, tlf.(+47)57 79 65 20, E-post:*

*post@bremangerfjordhotell.no. [www.bremangerfjordhotell.no](http://www.bremangerfjordhotell.no)*

## LEILEGHEIT I BOTNANE

I grendahuset i Botnane finn du leilegheit med utsikt mot havet. Ho har eigen inngang og er i to etasjar. Her er det god plass til 5-6 personar. Leilegheita vart pussa opp på 1990-talet, har standard møblering i alle rom, breiband, internett, fjernsyn, varmepumpe



og alt av nødvendig utstyr for matlaging. I området finst det fleire turstiar, parkeringsplass og leikeplass. *For meir informasjon sjå [Botnane.no](http://Botnane.no), eller kontakt tlf: 93237073 eller epost: [asmund.berthesen@icloud.com](mailto:asmund.berthesen@icloud.com)*

## FERIE OG FISKEHUS I BOTNANE

Nyrenovert feriehus i våren 2022. Her er kjøkken, stove, bad med dusj, gang og to soverom, stova har utslagbar sovesofa. Totalt 5 sengeplassar. Båt med påhengs(kan leigast i tillegg): West Viking 590 PRO, 60 HK Mercury, GPS/kartplotter/ekkolodd, 5 stangholdere.



Svelgen har nærmaste kjøpmann 44 km unna med bil.

Der er butikk, bank, bibliotek, bensinstasjon, hotell og

kiosk. Florø, Norges vestligaste by, ligg 68 km unna. Med båt kan du nå over til det sjarmerande fiskeværet Kalvåg på 10 minutt. Der er butikk, restaurant, spa, sauna m.m.

Botnane er ein fin stad å oppleve Bremanger frå.

Hjarteleg velkommen til oss, Frøysjøvegen 2748, 6723 Svelgen.

For ytterlegare informasjon:

Kjersti 90129434.

Booking: [www.dancenter.no/hytte/nordlige-fjord-norge/sogn-fjordane/bremanger/44497/](http://www.dancenter.no/hytte/nordlige-fjord-norge/sogn-fjordane/bremanger/44497/)





## BREMANGER SJØBUER

Her er feriehus med god standard, liggande ved sjøkanten med fantastisk utsikt ut over fjord og landskap. Flott uteområde der ein kan nyte livet med utandørs badestamp og grill. Det er her to feriehus (127 m2 per hus) med 4 soverom og 8 sengeplassar, der det er to senger per rom. Stove med TV/parabol, dvd, radio og internett tilgang, moderne og velutstyrt kjøkken med kjøleskap/frys, oppvaskmaskin og middagsbord til 8 personar. Bad med WC, og eit separat WC. Varme i alle golv, vaskemaskin/ tørketrommel. Begge sjøbuene har utemøblar. Det er eit eige separat naust tilrettelagd for tilberedning av fisk som er disponibelt. I to øyenbåtar som er moglege å leige. Ei sjøbu er òg tilrettelagd for handikappa. Det er også mogleg med leige av båt. I nærområdet finst det ei rekkje av merka fjellturar.



For meir informasjon og prisar ta kontakt.

*Bremanger Sjøbuer,*  
*Ytrehus, 6723 Svelgen,*  
*(+47) 918 84 528 E-post:*  
*towmasterop@gmail.com*





## UTLEIGEUS I LEIRGULEN

«Tante Hannas hus» ligg i naturlege omgivadar i fred og ro. Huset har direkte utsikt mot den majestetiske Hornelen, og berre nokre få minutts køyretid frå stien dit. Området byr på svært gode fiskemoglegheiter og turar i skog og fjell. Her kan du nyte stillheita med villsau og hjort i nærleiken. Dersom ein ønskjer, kan gjestar leige motorbåt, kajakk eller kano.



Huset har alle fasilitetar som trengst som til dømes gratis parkering, møblar, kvitevarer, trådløst nettverk og varmtvatn.

*For prisar og meir informasjon, sjå:*

[www.airbnb.no](http://www.airbnb.no) eller tlf: Siri Kolseth: 97423977 eller Asle Skaar: 90935015

## UTLEIGEHYTTE LEIRGULEN

Eit unikt sjøhus på Lofnes i tradisjonell stil, som ligg ved fjorden vendt mot det ikoniske fjellet Hornelen. Med ein fantastisk utsikt og med ein beliggenheit direkte på fjorden, er den så nært elementa som det er mogleg å komme. Hytta føles som eit fyrtårn, det einaste som manglar er sjølve lyset. Koseleg og komfortabel hytte for 4 personar, og rikeleg med plass til



utendørsutstyr i 1. etg. Hytta inneheld to

soverom med til saman fire senger, bad og kjøkken, trådløst nettverk, vaskemaskin og tørketrommel. Eit rikt naturliv med mellom anna oterar, måker, kval og ørn finn du like utanfor døra. Lofnes er eit supert utgangspunkt for fottur eller Via Ferrata på Hornelen, og også andre fjell i området. Leig gjerne båt hos oss og dra på fisketur på fjorden. Om kvelden kan ein steike fangsten i bålpanna mens ein ser på solnedgangen og nyt lyden av bølgeskvulp.

Velkommen til Lofnes. For booking sjå Airbnb eller for info: Gunnhild Lofnes 94264150

## RUGSUND HANDELSSTAD

har utleige av hus, rom og leiligheiter. Totalt 20 - 25 sengeplassar i tillegg til teltplassar og gjestehamn. Her kan ein sove over eit gammalt bakeri, på eit mjølloft eller i eit verkstad. Bakeriet var tidlegare tingstove for Nordfjord og hadde bakeri i kjellaren. Det er Moglegheit for påfylling av dykkerflasker og båtutleige til gjestar. Gjestehamna har tilgjenge til varn og straum samt at det er bunkringstasjon i Leirgulen like ved. Kystvegekspressen og ekspressbåten frå Bergen har anløp i Leirgulen i nærleiken ved bestilling. Dei einskilde soveromma i bu-einingane kan leigast kvar for seg.

*Ta kontakt for meir informasjon: Rugsund Handelsstad ANS, 6734 Rugsund*

*tlf. 913 14 961, e-post: [ruqsund@gmail.com](mailto:ruqsund@gmail.com), [www.facebook.com/ruqsundhandelstad](http://www.facebook.com/ruqsundhandelstad), [Booking.com](https://www.booking.com)*



*Rugsund  
Handelsstad*

## LEILEGHEITER I RUGSUND

I nydelege Rugsund finn du to leiligheiter i eit Feriehus. Den eine leiligheita er på ca 115 kvm og har plass til 6 personar. Den andre er på ca 75 kvm og har plass til 3 personar. Begge er fullt innreia og har innlagt

straum, vatn og trådløst nettverk. Feriehuset har eit flott uteområde med terrasse, hagemøblar og grill. Framfor huset ligg ei badebrygge og nokre båtar som er tilgjengelege for gjestar ved avtale. Her kan du stille og roleg nyte vestnorsk fjord- og kystlandskap.

*For prisar og annan informasjon, kontakt: tlf: Siri Kolseth: 97423977 eller Asle Skaar: 90935015*



*Sjå også: <https://www.borks.de/no/katalog/feriehus/131/rugsund-am-nordfjord>*

## UTLEIGEHYTTE I LEIRGULEN

Berre fem minutt frå den majestetiske Hornelen, ligg ei hytte med namnet Urastova. Hytta ligg på ein gamal , liten gard. Ofte beitar det både sau og hjort rundt. Området byr på gode vilkår for fiske og fjellturar. Hytta er perfekt for to personar og har ei stove, eir kjøkken, eit bad og eit soverom. Elles har hytta dei aller fleste fasilitetar som trengst for eit flott opphald i vakre Leirgulen, som t.d. gratis parkering, møblar, kvitevarer, trådløst nettverk og varmtvatn. Her er det også moglegheit for utleige av motorbåt, kajakk, kano, livestar og anna fiskeutstyr.



*For prisar og annan informasjon, sjå:*

[www.airbnb.no](http://www.airbnb.no)

tlf: Siri Kolseth: 97423977 eller Asle Skaar: 90935015

## FERIEHUS I BERLE (BERLENESET)

Eigedommen ligg vakkert til 30 m frå sjøen med stor brygge som er ideell for fiske, bading, grill og soling. Panoramautsikt til fjord og fjell. Solrikt og vestvendt. I tilknytning til brygga ligg 2 naust og eigen molo. Her er ypparlege fiskemoglegheiter og rikeleg krabbefiske. Den sjarmerande robåten Anton følger med. Meget godt merka turstiar i fjella med alt frå snille turar til krevjande dagstur til Hornelen, Europas høgaste havklippe 860 moh. Næraste nabo er ca. 300m ifrå. Aktivt gardsbruk med kyr ligg 400m ifrå.

Fasilitetar: Oppvaskmaskin, kjøleskap, kaffetraktar, mikrobølgeovn, frysar, vaskemaskin, støvsugar, innlagt strøm, innlagt vatn, peis/eldstad, ikkje-røyk, TV, parabol, robåt med påhengsmotor , båt plass, sykklar, hagemøbler, solsenger, grill, wifi, og parkeringsplass.

Feriehuset har 3 soverom og har plass til 6 personar. For meir informasjon, kontakt Vidar Terje Davidsen, 410 04 443



## FERIEHUS PÅ RYLAND

Huset ligg vakkert til på ein liten gard på Ryland, midt mellom Grotlesanden og Kalvåg. Garden er solrik, så her kan du nyte seine sommarkveldar med nydeleg havutsikt. Huset inneheld eitt bad, eitt kjøkken, fire soverom med sju senger. I alt er det ni soveplassar, så her kan ein vere mange! Alt standard interiør er inkludert, i tillegg til trådløst internett, komfyr, vaskemaskin og tørkerommel.



*Kontakt for meir informasjon:*

*Trond Strand, 40216938*

## EIKESET HAVBU

Ligger idyllisk på Eikeset i rolige omgjevnader. Havbua er plassert heilt i sjøkanten med flott havutsikt, eit flott sted for deg som har lyst å fiske.

Leilegheita har høg standard og inneheld to soverom med fire sengeplassar, pluss ein hems med to sengeplassar. Her er flott kjøkken med mikrobølgeovn, komfyr, oppvaskmaskin og kaffitraktar og ei koseleg stove med TV og parabol..



Badet inneheld både wc og dusj. Vaskemaskin er tilgjengeleg dersom det skulle vere behov

Eikeset Havbu kan tilby gode fiskeplassar på fjorden, flotte fjell med turtereng og fiskevatn. Gode solforhold, med kort vei til ei av kystens fine badestrand Grotlesanden. Det er kort veg med bil til butikk og restaurant i Kalvåg og Bremanger.

*Kontakt informasjon: Therese og Pål Eikeset, 6727 Bremanger*

*Tlf 950 29 300 / 906 55 681, mail: [tgrotle@hotmail.com](mailto:tgrotle@hotmail.com)*

## HAVLYS BED & BREAKFAST

Her er du velkommen til kystkultur, sandstrender så lang auge rekk og fiskeeldoradoet Bremanger. I idylliske omgjevnader på Iglandsvik finn du Havlys Bed & Breakfast. Du finn oss heilt i sjøkanten blant naust og sandstrender, der ramsalt sjø og sjøbuer dannar ramma. Ekte opplevingar i ekte miljø. Her kan du velje mellom sjarktur og havfiske, påhengs, fjellturar, stangfiske frå neset, sydendag på stranda – storslagen og kontrastrik natur gir mangfaldige høve til gode opplevingar. Havlys har 13 rom, 7 dobbeltrom og 6 enkeltrum, alle med bad. Det er felles tv-stove, matsal og kurs/ konferansesal. I første etasje finn du både kafè og bar, der det også er mogleheit for take away. Havlys tilbyr overnatting i podavdelinga eller i ei av leilegheitene på Reidarbu. For booking, ta kontakt.

Havlys Bnb, Teigane 1, 6727 Bremanger,

Tlf. 469 28 248,

e-post: [post@bremangerland.no](mailto:post@bremangerland.no)

nettstad : <http://www.bremangerland.no>





## VELJEBUA PÅ IGLANDSVIK



Veljebua ligg på Iglandsvik, like ved småbåthamn og molo, og med utsikt mot fjorden og havet. Denne bua er ei sjøbu som er over 100 år gamal. Bua



har i fleire generasjonar vore nytta til fiskeriformål, til oppbevaring av garn og anna fiskeutstyr og til behandling av fisk. Vi har teke vare på ein del av den gamle sjøbua samstundes som vi har laga til eit moderne husvære med det vi trur du treng i ferien. Budelen har ein stor arbeidsbenk med utslagsvask og inneheld også eit toalett. Husværet inneheld fire soverom med til saman 8 sengeplassar. I 1.etg er det to soverom, bad med dusj/WC og vaskemaskin. I andre etasje finn du to soverom og ei lys, stor og triveleg stove med eit godt utstyrt kjøkken.

Den kvite Grotlesanden ligg 2,5 km lenger vest og fjellet byr på flott turterreng. Dersom du vil slappe av, set du deg på den usjenerte kaia eller terrassen. I gangavstand frå Veljebua finn du ein landhandel som også sel drivstoff. Kafé, frisør og gåveartiklar finn du ved sida av. For prisar og meir informasjon, ta kontakt.

*Veljebua, C/o Jarle Grotle Iglandsvik, 6727 Bremanger, tlf. 917 31 723,*

*e-post: jarle.grotle@online.no.*

## REIDARBUA

Den nyleg oppussa Reidarbu ligg rett på bryggekannten i idylliske Iglandsvik i Bremanger. Deira motto er: Bu godt når du skal oppleve Bremanger, og det er verkeleg noko dei kan tilby. Reidarbu vart bygd rundt 1920 som sildemottak. I dag er bua ei ærverdig sjøbu med topp moderne, store leilegheiter og unike naust-pods. Bua er plassert perfekt for turar til Grotlesanden, Vetten, Vetvika, Hornelen og mykje meir. Her er det også moglegheiter for leige av båt og SUP brett, og fylling av dykkerflasker.

For nærmare informasjon/booking:


[Bremangerland.no](http://Bremangerland.no)

Eller tlf: 469 28 248



## SMØRHAMN HANDELSSTAD

Med 5 godt utsyrte leilegheiter i ei av dei flotte buene, kan du få ferieopphald på den tradisjonsrike handelsstaden i Smørhamn. Her er oppvaskmaskin, kjøl/frys, komfyr og internett. Det er også god lydisolering mellom leilegheitene. Dei har ulik størrelse, med plass til mellom 2-6 personar i kvar, eller 15-25 i heile bua. Er de ei gruppe, kan de også



nytte selskapslokalet «nohengja» til felles måltid og sosiale samvær. Skal du ha feiring med fleire, kan du bruke selskapslokala i den andre bua.

Nærare det ekte, gamle sjøhusmiljøet er det vanskeleg å komme.

I Smørhamn er du bokstaveleg talt midt i smørauge. Med Frøysjøen rett utanfor, lune vikar og holmar lenger inne, kan du fiske i mest all slags ver.



Naturen rundt Smørhamn Handelsstad er og eit kapittel for seg. Husa ligg lunt til inn forbi øyar og skjer, men du kan ta turen til fots utover øya og oppleve storbåra i styggever, eller oppdage nye ting i fjøresteinane. Villsauen har beite her ute og om du vil, er den av det godlynnaslaget, og du kan godt helse på. For prisar og meir informasjon ta kontakt eller besøk

[www.smorhamn.no](http://www.smorhamn.no) eller <https://www.airbnb.no/users/140896362/listings>

tlf.958 68 768, e-post: [smorhamn@gmail.com](mailto:smorhamn@gmail.com)

## ÅKREBUA

Åkrebua ligg midt i det sjarmerande bumiljøet på Iglandsvik i Bremanger. Den 100 år gamle bua er renovert til eit flott feriehusvære, der det gamle er godt ivareteke. Åkrebua inneheld stove/ kjøkken, 3 soverom med sengeplass til 7-8 personar, bad m/ dusj, grovkjøkken. Av andre fasilitetar kan vi nemne tv, fryseboks, vaskemaskin og oppvaskmaskin.

Bremanger byr på mange flotte turløyper i fjellet og den velkjende Grotlesanden ligg berre 2,5 km frå Åkrebua. Butikk og kafé ligg like ved bua.

Ta kontakt for prisar og meir informasjon.

Åkrebua, Iglandsvik, 6727 Bremanger, tlf. 469 28 248,

e-post: [post@bremangerland.no](mailto:post@bremangerland.no)





## BAKKEVIK BRYGGE

Ligger heilt innerst på Novelandet og yst mot storhavet. Her finns tilbod om sauna og Jacuzzi som er ekstra deilig etter ein fjelltur med slitne føter og bein. For dei som er glad i å fiske, finns nokre av kysten sine beste fiskeplassar rett utanfor Bakkevik. Bakkevik Brygge er tilpassa for å kunne ta imot bedrifter, foreiningar og lag som ynskjer å kombinere fagleg innhald



med friluftaktiviteter. Som krydder i det faglige, kan dagane for eksempel fyllast med fiske, sykling og vandreturar. Det er òg innreia eit maritimt lokale under to av buene. Her kan opptil 45 personer sitte til bords. Det er moglegheit å få leige eigen kokk og servitørar. Det er tilgjengeleg lerret til prosjektorar, samt snorlaust internett.

*Post@bakkevikbrygge.no tlf: 958 56 060/ 968 55 266 Heimeside: [www.bakkevikbrygge.no](http://www.bakkevikbrygge.no)*



## BUGTA – UNIKE FLYTEHYTTER

er dei perfekte familiehyttene for dei som likar nærleik til sjøen. Til kvar hytte følger det to båtar og to kajakkar. Samstundes er det sykkelavstand frå Kalvåg og Grotlesanden. Fjella rundt Bugta er fine områder for turgåing. Bugta består av to hytter; Fiskholmen og Sjøstjerna.



"Fiskholmen" er innreia med mange maritime detaljer. I kjøkkengolv er det vindauge, slik at ein kan sjå fisken under flytehytta. Møblane er laga av drivved og gamle båtar. På soverommet ligger man under en båt og har fantastisk utsikt mot havet. Hytten har tre soverom (8 sengeplasser).



«Sjøstjernen» er ein unik trekanta konstruksjon som gjev stor styrke og stabilitet. Fordelane ved ein trekant kontra ein rektangulær konstruksjon er at alt det vesentlege av oppdriftsmiddel ligg plassert der tyngda er, under bygget. Det er den minste med seks sengeplassar, men på grunn av den spesielle konstruksjonen er det god plass både inne og spesielt ute. "Sjøstjerna" har tre fine ute plassar, ein for frukost, en for soling og en for stelling av fisk. To soverom i 2. etasje som kvar har ei enkel- og ei dobbelseng. Hytta passar for fire vaksne og to barn.

Ta kontakt for meir informasjon eller besøk heimesida: [www.sjostjernen.no](http://www.sjostjernen.no)

*OLE STENBAKK, BUGTA, 6729 KALVÅG,*

*TLF.908 37 199*

*E-POST: [OLE@STENBAKK.NO](mailto:OLE@STENBAKK.NO)*

## KJELSTAD FERIEHYTTER

Ligg eit steinkast utanfor sentrum i Kalvåg, med kort veg til daglegvarehandel, restaurant og spa. Kjelstad Feriehytter ligg nydelig plassert langs strandsona med utsikt over Frøysjøen.



Tidlegare var Feriehyttene eigd av eit firma, men no er området solgt til Roald Kjelstad som har åpna det for allmenheita.

Ein har eigen fiske- og badeplass, peisstove, naust og stort inne- og uteareal. Det er parkering ved hyttene.

*Kontakt Roald Kjelstad for meir informasjon: 992 26 827 / [roal-kje@online.no](mailto:roal-kje@online.no)*



## SØRBU HYTTEUTLEIGE

Hytta ligg rett ved sjøkanten og er plassert sentralt i Kalvåg. Ein har ein fin utsikt mot knuthomen, og om ein går i 5 minutter so er ein der. Hytta har 4 soverom med 8-12 sengeplasser. Der er 3 bad og 2 stuer. Alt standard interiør er inkludert som internett, komfyr osv. Dersom ein har lyst å bade er det ikkje langt å gå til Botnelabo, som er ein koselig liten strand i

Kalvåg. Det er også mange flotte turløyper i nærheten.

*For meir informasjon ta kontakt pr. telefon; 91380511*



## HYTTER

### NORDBOTTEN HYTTE

Heilårshytte på 60m<sup>2</sup> med to soverom og hems. Fire senger av hotellstandard, pluss romsleg hems med fire lause madrassar av god standard.

Opphaldsrom med kjøkkenkrok, komfyr, mikrobølgeovn, oppvaskmaskin, kjøleskap, frysar og kjøkken utstyr. Bad med dusj, eige rom for tørking av klede. Parabol - TV, høve til internett. Høve til vedfyring.

Hytta har stor terrasse på over 40m<sup>2</sup>.

Flott utsikt i eit ope landskap. Om sommaren vil du kunne oppleve mjølkekyr beite i nærområdet.

Der er tilgang til trampoline ved hytta. Kan leigast med og utan båt. Har nokre barnesyklar til utleige.

Område har tilrettelagt Nordsjøløype på sykkel.

Ved bruk av hytta i Nordbotten vil vi kunne gje ein prispakke inkludert småviltjakt og eller fiske til ein svært gunstig pris. Det er berre å ta kontakt så vil vi hjelpe dykk til ein best mogeleg oppleving.

*Adresse: Frøysjøvegen 2824, 6723 SVELGEN*

*Tlf: 415 53 395, e-post: run-norb@online.no*

[www.oppigarden.no](http://www.oppigarden.no)



### DYRSTAD HYTTER

Ved Nordgulefjorden, idyllisk i si eiga lune vik. Her er du midt i ferie og fiskeparadis. Du kan fiske frå land, eller ta båten utover fjorden, fisk som torsk, makrell, sei og lyr er hyppige på kroken. Du kan finne freden på Dyrstad. Her er fjella og fjorden den perfekte ramma for avkopling og rekreasjon. Kommunesenteret Svelgen ligg ca. 8 km frå Dyrstad. Her har ein butikkar, bank bensinstasjon, hotell og kiosk. Dyrstad Hytter har leiligheit til utleige, samt utleige av båtar. Ta kontakt for prisar og meir informasjon.

*Dyrstad Hytter, Dyrstad, nesbøvegen 530, 6723 Svelgen,*

*tlf. 906 65 482, e-post: so-gjoer@online.no.*



## SMØRHAMN HYTTER

Hyttene ligg på Smørhamnsøya. Her er det fredfulle og flotte omgjevnadar med kort veg til restaurant og badestrender. I Smørhamn er der optimale forhold for fiske og sjøliv.

Sjølve hytta er 70 kvadratmeter med moderne innreiking og 6 sengeplassar fordelt på 3 soverom. Hytta har oppvaskmaskin, kjøleskap, kaffetraktar, mikrobølgeovn, fryser,

vaskemaskin, TV og grill. Smørhamn ligger ca. 4 km frå nærmaste bygd som er Kalvåg.

*For meir informasjon ta kontakt pr. telefon; 916 61 701*



## SJØHYTTE – GILDRANESET

Hytta ligg i eit svært solrikt område ved sjøen i Kalvåg, Bremanger kommune. Ferdigbygd i 2015. Hytta har 3 soverom med sengeplassar for 7 personar, muligheit for fleire soveplassar ved behov. Stort hovudbad med toalett og dusj, samt vaskerom med toalett, vask og vaskemaskin. Kjøkkenet er utsyrt med oppvaskmaskin, kaffitraktar, vannkokar og anna nødvendig kjøkkenutstyr. Utstyrt med tv i begge stuene. Den har også ein stor terrasse.



Hytta ligg 3 km frå Kalvåg sentrum, med bl.a. tilgang til matbutikk, restaurant og bad- og spasenter.

15 km frå hytta ligg Grotlesanden, ei naturperle i Bremanger, ideell for soling og bading. Ved eige av hytta, kan du vere heldig å få tilbd om guida fisketurar.

Kalvåg er eit eldorado for fiske, bading og krabbefiske.

I Smørhamn, ca. 3 min frå hytta (m/bil) går hurtigbåt bl.a. til Florø og Bergen.

Nils Otto Nesbakk på telefon: 412 20 783



## CAMPING

### BREMANGER FJORDHOTELL

Bremanger Fjordhotell har bubilplassar knytta til hotellet.

Kontakt: 577 96 520

### DAVIK FJORDPARADIS

Davik Fjordparadis har bygd ny campingplass med bubilparkering, teltplass og båthamn. I tillegg har dei eit supert srviceanlegg med toalett, dusj og vaskeri. Dei har også trådlus nettverk, straum og moglegheit for diselfylling i gjestehamna rett ved. På området er det også restaurant, elbil-laddar og butikk. Her er det også kort veg til turstiar.

Kontakt: 414 08 555

### BREMANGER CAMPING IGLANDSVIK MARINA

Her er det ein campingplass for bubilar og campingvogner, samt telt. 20 av parkeringane kjem med platningar, men der er plass til mange, mange fleire bilar og vogner. Campingplassen ligg godt plassert med tanke på mange flotte turløyper i fjellet og den velkjende Grotlesanden ligg berre 2,5 km frå campinga. Butikk og kafé ligg like ved, ca. 5-7 min gange. Det er godt egna med anlegg for straum, vatn og tømming. Det er også eit eige sanitæranlegg med dusj, toalett og vaskerom. Det er også handikaptoalett.

Kontakt *Jostein Grotle tlf: 915 42 550*

### KALVÅG CAMPING FRØYEN

Kalvåg camping blei starta i 2003 av Roy Henning Frøyen. I hovudsak har vi kundar med bubilar og campingvogner, men tilbyr og teltplassar, samt at her fins fantastiske naturmoglegheiter. Campingen ligg ved strandsona 500 meter før ein kjem til Kalvåg. Den ligg fint til med nydeleg utsikt ut over Frøysjøen og Botnane på hi sida. Her er det plass til ca. 20 bu- og campingbilar. Plassen har eige sanitæranlegg med dusj og vaskemaskin, samt at det er kort gå avstand til sentrum av Kalvåg. For bestilling kontakt Roy Henning Frøyen på telefon: 986 31 641.



### BUBILPARKERING STEINSET

På Steinset er der i år (2023) kome ei ny bubilparkering. Her er ikkje annlegg for straum per dags dato, men bubilar og bilar kan parkere her og nyte den nydelege havutsikta. Her er også moglegheiter for slipping av båtar. For prisar og meir informasjon: Tlf: 48117011/post@hydromot.no



## TELT

Kystnære områder i Bremanger er hovudsakleg private grunnar. I den samanhengen oppfordrar turistinformasjonen turistar å oppsøke kontora våre i Svelgen eller Kalvåg for meir grundig informasjon om kvar ein kan slå opp telt og om turar som er fine med overnattingar i telt. Det er fritt å telte i utmark så lenge ein held seg utanom dyrka mark og minst 150m frå bebudde hus. Om en er nærmare, må ein ha løyve frå eigar der.

Bremanger Camping og Davik Fjordparadis tilbyr teltplassar.

I Kalvåg er det mogleg å telte ved badestranda Botnelabo. Der er det plass til maks 2-3 små telt.

Vetvika er perfekt for å telte direkte på sandstranda.

## TRANSPORT

### LOKALBUSS

Det går Bussar mellom Kalvåg og Bremanger som går inom Smørhamn, der det er mogleg å få seg til og frå hurtigbåtane med disse. Det går og ei rute mellom Bremanger og Svelgen som mogleggjer ruter vidare ut av kommunen. Sjå [www.Skyss.no](http://www.Skyss.no) for rutetider og linjer.

### DRIVSTOFF

Er bilen stoppa og du treng du drivstoff? Då er det greitt å vite kvar ein få tak i nødvendig assistanse. Drivstoff er å finne på Svelgen Motorsenter AS i Svelgen, ved småbåthamna i Leirgulen, ved Joker Iglandsvik i Bremanger og Nærbutikken i Davik, samt i Smørhamn.

### SVELGEN MOTORSENTER AS (BEST BENSINSTASJON)

Tlf. 57 79 36 11

Adresse : Gunnar Scjeldrupsvei 111, 6723 Svelgen

Opningstider:

Måndag – fredag	08 – 21	Døgnåpen betaling med kortautomat.
Laurdag	10 – 18	
Sundag	11 – 21	

### JOKER BREMANGER - IGLANDSVIK

Sjå Joker Bremanger under Daglegvarer.

Kontaktperson: Måløy Havneservice As Tlf. 57853650

Døgnåpen

betaling med kort eller Mh24 rabatt kort. Både for bil og båt.

### SMØRHAMN

Både for bil og båt

Tlf. 57853650

6729 Kalvåg

Kontaktperson: Måløy Havneservice As

Døgnåpen betaling med kort eller Mh24 rabatt kort. Både for bil og båt. Fylling for båt på flytebrygge.

### NÆRBUTIKKEN DAVIK

Bensin og diesel til bil. Døgnåpent betaling med kortautomat. Ved Dampen Restaurant på kaia nedanfor er det tilgjengelig diesel for båt.

Tlf. 57 79 47 68

## KOLSET

Berre for bil. Ved sidan av småbåthamna nær Bremangersambandet og skulen. Tlf. 57 85 36 50

Betaling: Måløy Havneservice sitt Bensin og Diesel-kort    Kontakt: Måløy Havneservice AS

## FERJER OG SNØGGBÅTAR

Vi har to ferjesamband i kommunen; Stårheim – Isane og Måløy-Oldeide. Samtidig har vi Nordfjordekspresen som går frå Bergen – Selje med fast stopp i Smørhamn og i Leirgulen mot bestilling. Kystvegekspresen går Florø-Smørhamn-Måløy to gongar for dagen, det er denne båten som har fredagsturane til Vingen.



For nærare og oppdatert informasjon om rutetidene eller bestilling sjå [www.skyss.no](http://www.skyss.no), [www.Fjord1.no](http://www.Fjord1.no) for Ferjer og Kystvegekspresen, [www.Norled.no](http://www.Norled.no) for Nordfjordekspresen, eller å ring til ruteopplysninga på tlf. 177.

1114

## Stårheim–Isane

Operatør      Fjord1  
Båt/tlf        M/F Selje tlf. 415 36 381

Frå Stårheim			Frå Isane		
Mån-fre	Laurdag	Søndag	Mån-fre	Laurdag	Søndag
06.00	06.45	07.30	06.20	07.05	07.50
06.45	07.30	09.20	07.05	07.50	09.45
07.30	08.30	10.20	07.50	08.50	10.40
08.20	09.20	11.00	08.40	09.45	11.25
09.20	10.20	12.00	09.45	10.40	12.20
10.20	11.00	13.00	10.40	11.25	13.20
11.00	12.00	13.50	11.25	12.20	14.10
12.00	13.00	14.30	12.20	13.20	14.50
13.00	13.50	15.20	13.20	14.10	15.40
13.50	14.30	16.00	14.10	14.50	16.20
14.30	15.20	16.50	14.50	15.40	17.10
15.20	16.00	17.30	15.40	16.20	17.50
16.00	16.50	18.30	16.20	17.10	18.50
16.50	17.30	19.25	17.10	17.50	19.45
17.30	18.30	20.20	17.50	18.50	20.40
18.30	19.25	21.20	18.50	19.45	21.40
19.25	20.20	22.35	19.45	20.40	22.55
20.20	21.20		20.40	21.40	
21.20	22.35		21.40	22.55	
22.35			22.55		

## KYSTVEGEKSPRESSEN

Dette er båten som går mellom Flore og Måløy som også går innom Vingen på fredagane. Legg mere til at

Måløy-Smørhamn-Florø (Kystvegekspressen)					
	DX67	Dx567	5	5	6
Måløy hurtigbåtterminal	05:10	10:20	10:20	17:45	...
Leirgulen		10:40 <sup>b</sup>	10:40 <sup>b</sup>		...
Hennøystrand kai				18:25 <sup>b</sup>	...
Smørhamn kai	06:00	11:15	11:15	18:35 <sup>b</sup>	13:40
Villevik kai				18:50 <sup>b</sup>	
Florø kai	06:35	11:50	11:50	19:15	14:25
	DX67	Dx567	5	6	7
Florø kai	16:05	08:30	08:30	13:00	16:30
Villevik kai	16:15 <sup>b</sup>			13:10 <sup>b</sup>	16:40 <sup>b</sup>
Smørhamn kai	16:40	09:00	09:00	13:30	17:00 <sup>b</sup>
Hennøystrand kai	17:00 <sup>b</sup>			...	17:20 <sup>b</sup>
Leirgulen kai	17:25 <sup>b</sup>			...	17:40 <sup>b</sup>
Måløy hurtigbåtterminal	17:45	09:55	09:55	...	18:00

det kan bli ein del endringar på kva båt som går kvar dag gjennom sumaren.

Turane blir utført av MS Sylvarnes (Tlf.: 906 46 095).

I perioden 19.6.-4.8.2023 vil ruta på fredagar bli utført av MS Skorpefjord som ikkje er bilførande. (Tlf.: 941 50 594).

I perioden 19.6.-4.8.2023 vil ruta på lørdager bli utført av MS Fjordglytt (Tlf.: 957 35 777).



b = Mot førehandstinging tlf. 906 46 095.

tabell:		Passerer ikkje staden
	Dx67	Dagleg unntatt lørdag og søndag
	5	Fredag
	6	Lørdag

# NORDFJORDEKSPRESSEN

Dette er båten som tar folk til og frå bergen. Den går to gongar dagleg mellom Bergen og Selje. Det blir sagt at den går både til nordfjord og Selje om ein annan. Så på strandkai terminalen kan det bli noko forvirring. Smørhamn er det vanlege stoppet i kommunen men den kan gå inom Leirgulen om det er passasjerar som tingar plass. Ring fartøya direkte eller til norled for spørsmål.

## Bergen-Nordfjord-Bergen

RUTE 23531

Fartøysoversikt, se under. 01.04.2023 – 31.10.2023

Fra Bergen Strandkai	Fra Lygra	Fra Vardetangen	Fra Mjømna	Fra Skjerjehamn	Fra Sollibotn	Fra Rysjedalsvika	Fra Krakhella	Fra Askvoll	Fra Florø	Fra Smørhamn	Fra Leirgulen	Fra Måløy	Til Selje
<b>MANDAG-FREDAG / MONDAY-FRIDAY</b>													
0800	0850 <sup>h</sup>	0905		h	0930	0957	1017	1051	1133	1200		1240	1305
1630	1720 <sup>h</sup>	1738		h	1810		1827	1905	1955	2020	d	2110	2140
<b>LØRDAG / SATURDAY</b>													
1415	1505 <sup>h</sup>	1525	1535*	h	1556		1615	1650	1735	1800	d	1850	1915
<b>SØNDAG / SUNDAY</b>													
1630	1720 <sup>h</sup>	1738		h	1810		1827	1905	1955	2020	d	2110	2140

Fra Selje	Fra Måløy	Fra Leirgulen	Fra Smørhamn	Fra Florø	Fra Askvoll	Fra Krakhella	Fra Rysjedalsvika	Fra Sollibotn	Fra Skjerjehamn	Fra Mjømna	Fra Vardetangen	Fra Lygra	Til Bergen
<b>MANDAG-FREDAG / MONDAY-FRIDAY</b>													
0650	0720	0737 <sup>e</sup>	0805	0833	0916	0953		f	h	1023	g	1058 <sup>h</sup>	1150
***	1520	1550	1630	1700	1740	1815	1835	1905	h	1920	1935	1955 <sup>h</sup>	2045
<b>LØRDAG / SATURDAY</b>													
0650	0720	0737 <sup>e</sup>	0805	0833	0916	0953			h	1023	1030	1058 <sup>h</sup>	1150
<b>SØNDAG / SUNDAY</b>													
1510	1540	1558 <sup>e</sup>	1625	1700	1743	1818			h	1850	g	1925 <sup>h</sup>	2015

- d) Passasjerer som skal nordover må ringe.  
916 81 245 ,  
916 81 246 eller  
916 81 244 innen 30 min. før anløp.
- e) Sørgående anløp, passasjerer blinker med lampe  
(om lampe slutter å virke ta kontakt med fartøy ),Værforbehold
- f) Kun mandag, dersom passasjerer fra Nordfjord
- g) Anløper dersom passasjerer fra Nordfjord
- h) Anløp dersom passasjerer til stedet, passasjerer fra stedet ta kontakt med fartøyet.
- \* Anløp av Mjømna utføres av Sogneruten
- \*\*\* venter på skolebuss

Fartøy	kundenr	båtnr
Njord	916 81 245	916 81 246
Frøya	905 81 374	916 81 245
Vingtor	905 90 855	916 81 244
Tyrving		916 81 219



## DROSJER

### KALVÅG/ BREMANGER - EIKESET TAXI/ PÅL EIKESET

Tlf: 959 56 341

### RUGSUND TAXI PER HELGE OLSBØ

Tlf: 416 39 102

57 79 41 11

### SVELGEN TAXISENTRAL

Tlf: 57 79 34 09

## FACEBOOK-SIDER VERDT Å BESØKE

Aalfoten.no

Aktivitetar i Svelgen

Aktiv Jobb

Barnas Turlag – Keipen

Berle Grendalag

Botnane og Årebrot Grendalag

Bremanger Folkebibliotek

Bremanger Fotball

Bremanger Kino og Scene

Bremanger kommune

Bremanger Kulturlag

Bremanger Kulturskule

Bremanger Musikklag

Bremanger Skulemusikk

Bremanger turistinformasjon

Buatrim

Davik.no

Davik Musikklag

Fjell Trim i Bremanger

Grotlesanden

Gurnane

Hjortegarden

Hornelen

Idrettslaget Frøy

Isane Forsamlingshus

Ung i Bremanger

Kalvåg Bygdelag

Kalvåg Camping

Kalvåg Kystlag

Kalvåg Musikklag

Kalvåg Skulemusikk

Keipen Turlag

Kolset Krins

Kyrkjene i Bremanger

Leirgulen

Nye Bremanger

Svelgen – Bremanger Røde kors

Svelgen Kino

Svelgen opp og fram

Svelgen Rockklubb

Svelgen T.I.F

UKM Bremanger

Velkommen til Bremanger

Vingen Helleristningsfelt

Vetvika

# EIT ELDORADO AV OPPLEVINGAR

